

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnda
Møtestad:	Radisson Blu Royal hotel, Bryggen, Bergen
Dato:	13.03.2019
Tid:	10.00

Program

- 10:00 – 10:10 Opning av møtet
- 10:10 – 10:30 Orientering ved ungdommens fylkesutval (UFU) i Hordaland og ungdomspolitisk utval, Sogn og Fjordane
Orientering ved prosjektleiar Rune Haugsdal
- 10:30 – 13:00 Saksbehandling
- 13:00 – 13:45 Lunsj
- 13:45 - Saksbehandling

Til dette møte har følgjande meldt forfall:

Helen Hjertaas (A) – Karianne Torvanger (A) stiller som vara.
Tom Sverre Tomren (KRF) – Natalia Golis (MDG) stiller som vara

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fellesnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Det vert oppmoda om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møte.



Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 14/19	Godkjenning møteinnkalling		
PS 15/19	Godkjenning av møtebok 14.02.19	2015/1434	
PS 16/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 7/19	Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - kontrollutvalet	2019/418	
RS 8/19	Kostnader ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane	2018/16001	
RS 9/19	Prosjekt for felles organisasjonskultur, Vestland fylkeskommune	2018/16004	
RS 10/19	Nytt inntektssystem for fylkeskommunane - Nye Vestland fylkeskommune ber om møte med KMD	2018/16486	
RS 11/19	Komiteens behandling av kulturmeldingen (Meld.St.8 2019-2020)	2018/16486	
RS 12/19	Amatørkulturrådet i Bergen - vidareføring av etablering av amatørkulturråd i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 13/19	Politisk innspel til fellesnemnda for Vestland fylke - Krf	2018/16486	
RS 14/19	Uttale frå fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane - ungdomskort i Vestland fylke	2018/16486	
PS 17/19	Ymse		
PS 18/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 2/19	2018/16486	
PS 19/19	Inntak i Vidaregåande opplæring	2018/15997	
PS 20/19	Ny budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane - vidare prosess	2018/15997	
PS 21/19	Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2019	2018/16486	
PS 22/19	Møteplan hausten 2019	2015/1434	
PS 23/19	Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	2016/3311	
PS 24/19	Komité for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020	2018/16486	
PS 25/19	Fylkestingsvalet 2019 - røystesetlar til listestillarane	2018/9153	

PS 14/19 Godkjenning møteinnkalling

Utval: Fellesnemnda
Møtestad: Fretheim Hotel, Flåm
Dato: 14.02.2019
Tidspunkt: 09:00 – 17:05

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Helen Hjertaas	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Bjørn Erik Hollevik	Medlem	H
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Helge Nævdal	Medlem	A
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Hilmar Høl	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Gitton Håland	Helge Nævdal	A
Sigbjørn Framnes	Terje Søviknes	FRP
Jon Askeland	Benthe Bondhus	SP
Anders Ryssdal	Aleksander Øren Heen	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Tore Eriksen	Fylkesrådmann Sogn og Fjordane
Ingrid Holm Svendsen	Konst. fylkesrådmann Hordaland
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar Hordaland
Anne-Kjersti Stenehjem	Seniorrådgjevar Sogn og Fjordane
Bertil Søfteland	Juridisk sjef/leiar fylkessekretariatet Hordaland
Berit Dianne Kilvær	Spesialkonsulent Hordaland
Gunbjørg Hanssen	Spesialkonsulent Hordaland
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, møtesekretær Hordaland

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning møteinnkalling		
PS 2/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 3/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 1/19	Vestland fylkeskommune - fastsetting av administrativ organisering	2018/16486	
RS 2/19	Avtale om overføring av personell mellom Statens vegvesen og Nye Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 3/19	Overføring av oppgåver frå fylkesmennene og Miljødirektoratet knytt til dei statleg sikra friluftslivsområda og Skjærgårdstjenesten	2018/15999	
RS 4/19	Fylkesvåpen - melding om vidare prosess og arbeid med alternative framlegg	2015/1434	
RS 5/19	Sak i fellesnemnda-au 04.02.2019 - utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 6/19	Oppfølging av fylkestingsvedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune	2018/16486	
PS 4/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 1/19	Spørsmål frå Aud Karin Oen (SV) - gjennomføring av dialogmøte for Vestland fylke	2019/1626	
PS 5/19	Ymse		
PS 6/19	Budsjett for samanslåingskostnadar	2019/338	
PS 7/19	Nytt inntektssystem - fråsegn frå Nye Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 8/19	Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 9/19	Overføring av personell frå Statens vegvesen - garanti med omsyn til vern mot oppseiing, jf. Intensjonsplanen av 17. januar 2017	2018/16007	
PS 10/19	Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune	2018/15999	
PS 11/19	Ordning for bedriftshelsetenesta i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 12/19	Delrapport til DPO 3.1 - Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar	2018/15999	
PS 13/19	Budsjett 2020 / økonomiplan 2019- 2022	2019/1446	

PS 1/19 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.
Saklista vart godkjent utan merknader.

PS 2/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Bjørn Hollevik (H) gjorde merksam på at møteprotokoll frå førre møte må leggjast ved innkallinga.

Vedtak

Med denne merknaden vart møteprotokollen frå fellesnemnda 19.desember 2018 godkjend.

PS 3/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Vedtak

RS 1/19-6/19 vart refererte

PS 4/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

FO 1/19 Spørsmål frå Aud Karin Oen (SV) - gjennomføring av dialogmøte for Vestland fylke

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Leiaren gav slikt svar på spørsmål frå Aud Karin Oen (SV):

I siste del av dialogmøta som representanten viser til, har det vore sett av tid til spørsmål og forventningar til den nye fylkeskommunen blant dei frammøtte. I denne sekvensen har arbeidsutvalet til fellesnemnda presentert seg sjølv, og samla teke sete fremst i møtelokalet.

Som representanten er inne på vart deler av denne sekvensen på det første dialogmøtet i Bergen, nok prega av partimarkeringar i ulike saker og spørsmål som kom frå salen. Underteikna oppmoda sjølv til at medlemene i FN-AU avgrensa tidsbruken til slike partimarkeringar, og at den tilmålte tida heller vart nytta til refleksjonar og merknader frå dei frammøtte i salen. Dette vart også følgt opp av prosjektleiaren som er møteleiar under dialogmøta.

Eg har dessverre vore forhindra frå å delta på dei to andre dialogmøta på Voss og i Gulen, men har fått tilbakemeldingar på at dialogen mellom dei frammøtte og medlemene i FN-AU i langt mindre grad har vore prega av partimarkeringar i enkeltsaker. Dialogen har i stor grad omfatta spørsmål rundt mål og strategiar, samt forventingar om samarbeid og virkemiddelbruk for å møte utfordringar i ulike deler av det nye fylket.

Så langt har dei gjennomførte dialogmøta etter mitt syn vore ein suksess, og bidrege til kunnskap, engasjement og interesse for den nye fylkeskommunen uavhengig av politiske parti. Eg ser derfor ikkje grunnlag for å endre på måten dei to dialogmøta som står att, vert gjennomført på.

PS 5/19 Ymse

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

ORIENTERINGAR

Statusorientering v/prosjektleiari Rune Haugsdal.

Landbruksråd Vestland v/Anders Felde, leiar i Sogn og Fjordane Bondelag og Lars Bø, nestleiar i Landbruksråd Vestland.

Nye Kinn kommune, v/Kristin Maurstad, ordførar i Vågsøy kommune og Ola Teigen, ordførar i Flora kommune.

Nye Alver kommune, v/Øyvind Oddekalv, leiar i fellesnemnda.

PS 6/19 Budsjett for samanslåingskostnader

Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek budsjett for meirkostnader i samband med samanslåingsprosessen for nye Vestland fylkeskommune.
2. Budsjettet for 2019 vert sett til 46 mill. kr. Utover denne ramma er det også sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr. til uforutsette kostnader.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda vedtek budsjett for meirkostnader i samband med samanslåingsprosessen for nye Vestland fylkeskommune.
2. Budsjettet for 2019 vert sett til 46 mill. kr. Utover denne ramma er det også sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr. til uforutsette kostnader.

PS 7/19 Nytt inntektssystem - fråsegn frå Nye Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda i nye Vestland fylkeskommune gjev høyringsuttale til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020 slik det går fram av saksframstillinga.
2. Høyringsuttalen vert, etter møtet i Fellesnemnda, lagt fram som sak for dei to fylkesutvala, med sikte på samtidig og fylkesvis handsaming også i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

Alternativ

«Prosjektleiar bearbeider saka med utgangspunkt i det som kom fram i møtet i fellesnemnda. Saka vert behandla i fylkesutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane og oversendt innan fristen 8. mars.

Fellesnemnda ber om at det vert gjennomført eit møte med stortingsbenkane i begge fylka og departementet.»

Røysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedtek mot 0 røyster for prosjektleiar sitt forslag.

Vedtak

Prosjektleiar bearbeider saka med utgangspunkt i det som kom fram i møtet i fellesnemnda. Saka vert behandla i fylkesutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane og oversendt innan fristen 8. mars.

Fellesnemnda ber om at det vert gjennomført eit møte med stortingsbenkane i begge fylka og departementet.

PS 8/19 Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 04.02.2019

Røysting

Prosjektleiar si tilråding var samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

1. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.
2. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første halvår 2019.
3. Fellesnemnda vil vurdere samla kostnader knytt til folkevalde sin politiske aktivitet dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Jenny Følling (Sp) sette på vegne av Sp og A fram slikt forslag (I):

«Endringsframlegg:
Fylkesordførar redusert med 5%
Fylkesvaraordførar redusert med 5%
Dei andre funksjonane vert regulerte i høve til dette.»

Roald Stenseide (Frp) sette på vegne av Frp, H og V fram slikt forslag:

Endring

«Innstilling med følgende endring:
Innslags punkt settes til 90% av Stortingsgodtgjørelse.
Fylkesvaraordførar og opposisjonsleder settes til 100% av Stortingsgodtgjørelse
Fylkesordførar settes til Stortingsgodtgjørelse + 15%
Gruppeleder godtgjørelse settes til to nivåer, under og over 10 representanter.

Samlet besparelse på NOK 2.715.692,-.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

Endring:

«1.1. Fylkesordførar

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget.
Men til 100% av stortingsrepresentantane +5 % si godtgjersle som utgangspunkt.

1.2. Fylkesvaraordførar

Godtgjersla er sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

1.3. Andre folkevalde

Godtgjersla til folkevalde, vert berekna med grunnlag i 80 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

1.4. Godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Gruppeleiar godtgjersla vert 35% frå 1-9 representantar.

6.2. Overnattingsgodtgjersle

Utover det dekkjer fylkeskommunen overnatting:

Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 100 km med bil eller minst 1,5 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen.)

13. FRIKJØPSORDNINGA

Stønad til frikjøp for politisk arbeid vert gjeve til partigruppene i fylkestinget med 40 000,- per fylkestingsrepresentant per år. Frikjøpsmidlane vert utrekna og fordelt på fylkestinget sine medlemmer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, hovudutvalsleiarane, kontrollutvalsleiar og gruppeleiarane.

Grunnfrikjøpet til nestleiar i hovudutvala vert 20%

Nytt punkt: Godtgjering for verv både i kommune og fylkeskommune skal sjåast i samanheng, slik at stillings- og godtgjeringsdelen i kommunen og fylkeskommunen ikkje overstig 100 % stillingsandel for folkevalgte verv.

Nytt punkt: Dersom en folkevalgt på deltid får ein stillingsandel på 70% eller høgare. Og ikkje med rimelighet kan kombinera dette med anna stilling, kan vedkomane søkje fylkesutvalget om å få auka stillingsandel til 100 %.»

Jenny Følling (Sp) trekte sitt forslag (I).

Jenny Følling (Sp) sette på vegne av Sp, A og Krf fram slikt forslag (II):

«Endringsframlegg;

Fylkesordførar; 1 200 000,-
Fylkesvaraordførar; 956 500,-
Resterande godtgjersle vert 92% av fylkesvaraordførar si godtgjersle.
Frikjøpsordning vert redusert til 20 000,- per representant.
Gruppeleiarstøtta vert endra til to grupper 1-10 og over 10

Pkt. 6.2reiseavstand til heimen er på minst 100 km med bil eller minst 1,5 timar reise.....»

Røysting

Innstilling med Oen sitt forslag, utan pkt.6.2 fekk 2 røyster (SV, 1 Krf) og fall.
Oen sitt forslag pkt.6.2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga med Stenseide sitt forslag fekk 10 røyster (Frp, H, V, SV; 1 Krf) og fall.
Innstillinga med Følling sitt forslag (II) fekk 13 røyster (A, Sp, 2 Krf) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.
2. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første halvår 2019.
3. Fellesnemnda vil vurdere samla kostnader knytt til folkevalde sin politiske aktivitet dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Med slike endringar.

Pkt.6.2. Overnattingsgodtgjersle

Utover det dekkjer fylkeskommunen overnatting:

Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 100 km med bil eller minst 1,5 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen).

Fylkesordførar; 1 200 000,-

Fylkesvaraordførar; 956 500,-

Resterande godtgjersle vert 92% av fylkesvaraordførar si godtgjersle.

Frikjøpsordning vert redusert til 20 000,- per representant.

Gruppeleiarstøtta vert endra til to grupper 1-10 og over 10

Pkt. 6.2reiseavstand til heimen er på minst 100 km med bil eller minst 1,5 timar reise.....»

PS 9/19 Overføring av personell frå Statens vegvesen - garanti med omsyn til vern mot oppseiing, jf. Intensjonsplanen av 17. januar 2017

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiing i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalig som følgje av samanslåinga i denne perioden.
2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene».

Saksprotokoll i partssamansett utval - 04.02.2019

Røysting

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i

Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiing i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalig som følgje av samanslåinga i denne perioden.

2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høyringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiing i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalig som følgje av samanslåinga i denne perioden.
2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høyringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene.

PS 10/19 Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda ber prosjektleiar utarbeide eit framlegg til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, gjeldande for perioden 2020 - 2024.
2. Fellesnemnda ber om å få saka tilbake til handsaming/vedtak i mai 2019.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda ber prosjektleiar utarbeide eit framlegg til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, gjeldande for perioden 2020 - 2024.
2. Fellesnemnda ber om å få saka tilbake til handsaming/vedtak i mai 2019.

PS 11/19 Ordning for bedriftshelsetenesta i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i partssamansett utval - 04.02.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

1. Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for at tilrådinga i delprosjektet vert lagt til grunn for etablering av bedriftshelseteneste i Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda gir prosjektleiar fullmakt til å gjennomføre kjøp av tenester frå ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram følgjande forslag:

Alternativ

«1) Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for modell 1) Intern BHT, som byggjer vidare på og utvidar den ordninga som ein har i HFK i dag.

Dette er og i samsvar med tillitsvald sitt standpunkt og må tilleggjast stor vekt i ein elles krevjande omstilling for heile organisasjonen.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga fekk 22 røyster (A, Sp, Krf, V, Frp, H) og vart vedteken.

Vedtak

1. Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for at tilrådinga i delprosjektet vert lagt til grunn for etablering av bedriftshelseteneste i Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda gir prosjektleiar fullmakt til å gjennomføre kjøp av tenester frå ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste.

PS 12/19 Delrapport til DPO 3.1 - Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar

Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:

1. Vestland fylkeskommune set av driftsmidlar i budsjettet. Driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak.
2. Søknadsfrist vert sett til 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune set av driftsmidlar i budsjettet. Driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak.

2. Søknadsfrist vert sett til 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår

PS 13/19 Budsjett 2020 / økonomiplan 2019- 2022

Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda tek informasjonen om rollar, prosess og praktisk arbeidsmetode til orientering.
2. Fellesnemnda legg det samanslegne driftsbudsjettet etter KOSTRA-funksjonar til grunn for det vidare arbeidet. Dette er førebels grunna vidare avklaringar rundt organisering.
3. Fellesnemnda legg den samla ramma for investeringsbudsjett 2020-2022 til grunn for vidare arbeid. Det samla investeringsnivået vert vurdert nærare i arbeidsdokument 2/19 neste møte.
4. Fellesnemnda sluttar seg til dei førebelse rammene for drift og investering i 2023 og desse rammene vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.
5. Fellesnemnda tek informasjonen om val av løyvingsnivå og nøkkeltal til orientering.
6. Fellesnemnda tek dei skisserte utfordringane for Vestland fylkeskommune til orientering.
7. Fellesnemnda tek punktet om prioriteringar og strategiske vegval til orientering.
8. Fellesnemnda tek informasjonen om nytt inntektssystem og førebelse utslag for Vestland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Anne Gine Hestetun sette fram slikt forslag:

Nytt punkt.

«For dei partia som ikkje er representerte i fellesnemnda vert gruppeleiarane inviterte til å møta i fellesnemnda når budsjettsaker vert behandla.»

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda tek informasjonen om rollar, prosess og praktisk arbeidsmetode til orientering.
2. Fellesnemnda legg det samanslegne driftsbudsjettet etter KOSTRA-funksjonar til grunn for det vidare arbeidet. Dette er førebels grunna vidare avklaringar rundt organisering.
3. Fellesnemnda legg den samla ramma for investeringsbudsjett 2020-2022 til grunn for vidare arbeid. Det samla investeringsnivået vert vurdert nærare i arbeidsdokument 2/19 neste møte.
4. Fellesnemnda sluttar seg til dei førebelse rammene for drift og investering i 2023 og desse rammene vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.
5. Fellesnemnda tek informasjonen om val av løyvingsnivå og nøkkeltal til orientering.
6. Fellesnemnda tek dei skisserte utfordringane for Vestland fylkeskommune til orientering.
7. Fellesnemnda tek punktet om prioriteringar og strategiske vegval til orientering.

8. Fellesnemnda tek informasjonen om nytt inntektssystem og førebelse utslag for Vestland fylkeskommune til orientering.
9. For dei partia som ikkje er representerte i fellesnemnda vert gruppeleiarane inviterte til å møta i fellesnemnda når budsjettsaker vert behandla.»

PS 16/19 Referatsaker (skriv og meldingar)



Notat

Dato: 20.02.2019
Arkivsak: 2019/418-2
Saksbehandlar: HOGHAKT

Til: Fellesnemnda

Frå: Kontrollsjef Hogne Haktorson

Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - kontrollutvalet

Bakgrunn for notatet.

Sak om «Utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune» var oppe som politisk sak i Fellesnemnda AU 04.02.19. (PS 6/19) og som referatsak i Fellesnemnda 14.02.19. (RS 5/19).

Me saknar her informasjon om pågåande prosess i kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, og vil gjera merksam på den.

Bakgrunn for prosessen i kontrollutvala.

Underteikna og seniorrådgjevar Roald Breistein hadde 02.01.19. møte med prosjektleiar Rune Haugsdal og seniorrådgjevar Thorbjørn Aarethun.

- Her var me inno mangle tema av relevans for kontrollutvala, ved etablering av Vestland fylkeskommune (VLFK)
- Me vart bl.a. samde om at kontrollutvala skulle laga forslag til reglement for kontrollutvalet i VLFK.
- Det vart bl.a. opplyst om at tal medlemmar i utvalet, var eit av spørsmåla som ville bli drøfta.

Drøftingsmøte i kontrollutvala 11.02.19.

Begge kontrollutvala hadde møte 11.02.19.

- Fire av sakene hadde særskilt relevans for etablering av VLFK.
- Ei av desse var drøftings sak om «Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune»
- Utvala møttest på video for å drøfta dei fire sakene, før dei fatta vedtak kvar for seg.
- Det vart fatta likelydande vedtak i dei to kontrollutvala i sak om reglement:
 - «Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vert på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019, eventuelt i møte 06.05.2019.»

Sakshandsaming vidare.

Saksframlegg frå drøftingsmøtet vert lagt ved, for å synleggjera ein del av spørsmåla som var drøfta.

Innspela vil bli konkretisert når kontrollutvala innstiller på reglement. Sidan det føregår to drøftingar parallelt vil eg alt no opplysa om at kontrollutvalsmedlemmane under sams drøfting, i all hovudsak tok til orde for at tal medlemmar burde aukast frå 5 til 7 medlemmar, og eg nemner nokre moment:

- Etter kommunelova av 1992 skal det vera minst 3 medlemmar i kontrollutvala. Våre fylkeskommunar valde å ha 5 medlemmar.
- Av ny kommunelov går fram at minstetalet for kommunar og fylkeskommunar er 5 medlemmar i kontrollutvala. Ein meiner då at det bør vera 7 medlemmar i kontrollutvalet for ein fylkeskommune med 630.000 innbyggjarar, og ikkje minstetalet som og gjeld kommunar på under 1.000 innbyggjarar.
- Dette kan sikra ein breiare diskusjon, der fleire politiske parti deltar.

Døme på andre spørsmål som kontrollutvala vil vurdere:

- Tal medlemmar i kontrollutvalet som bør ha sete i fylkestinget.
- Om kontrollutvalsleiar og nestleiar bør vera blant desse
- Deltaking i fylkestingsseta for kontrollutvalsmedlemmar som ikkje er fylkestingsrepresentant

Avslutning.

- Me kjem attende med innstilling frå kontrollutvala etter ny handsaming der.
- No var det mest viktig å gjera kjent den sakshandsaminga som føregår i kontrollutvala, før alle brikker er lagt i den samla kabalen med reglement og storleik på utval i VLFK.
- Me er kjent med at det er planlagt å ha politisk sak om reglement oppe i Fellesnemnda sitt møte 23.05.19.
- Det er avkonferert med kontrollutvalsleiar og nestleiar i HFK å utarbeida eit notat, og kontrollsjefen i SFFK er orientert.

Notat

Dato: 04.03.2019
Arkivsak: 2018/16001-2
Saksbehandlar: annsten1

Til: Fellesnemnda

Frå Prosjektleiari

Kostnader ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane

I Meld. St. 6 Oppgåver til nye regioner, kapittel 17.4 står følgjande:

- «Fylkeskommunene vil få overført budsjettmidler til lønnskostnader til ansatte som de overtar frå Statens vegvesen, der staten dekker slike kostnader i dag.»

Dette vert tolka som at vi får overført midlar opp til det talet vi samla sett rekrutterer og ikkje alt finansierer. I dag vert lønnskostnadene som Statens vegvesen (SVV) nyttar til investeringstiltak (planlegging etter plan- og bygningslova, investeringsprosjekt) dekkja gjennom dei fylkeskommunale løyvingane.

Overføring av fylkesvegadministrasjonen til fylkeskommunane er ei stor reform. På landsbasis brukte Statens vegvesen 1850 årsverk i 2018. Dette talet inkluderer administrative fellesfunksjonar som løn, rekneskap, arkiv, HR, IKT etc. I Hordaland og Sogn og Fjordane vart det til saman nytta 294 årsverk i 2018. Det er dette talet som ligg til grunn for personellressursar som kan overførast frå SVV til Vestland fylkeskommune. Av dei 294 årsverka vart 131 finansiert over investeringsbudsjettet. Vi kan såleis rekne med å få tilført lønsmidlar for inntil 163 årsverk. Då overføringa vil vere basert på frivilligheit, legg SVV til grunn at dei skal behalde lønsmidlane for det tal tilsette som eventuelt ikkje vert overførte til fylkeskommunane.

SVV har basert sine vurderingar på kva dei meiner dei skal bli trekt i budsjett som følgje av at dei mister oppgåver og personell. Fylkeskommunen sine kostnader per årsverk er ikkje nødvendigvis dei same som SVV sine, mellom anna pga. ulike rekneskapsprinsipp og føring av pensjonsutgifter.

Prosjektleiari er bekymra for at kostnad per årsverk er sett for lågt i høve våre reelle kostnader. I tillegg vil det, særleg i ein overgangsfase, vere dublering av nokre fagområde, noko som gjer at samla ressursbruk vil kunne auke. Dette er særleg relevant knytt til endringar i ansvar for oppfølging av driftskontrakter.

Vidare er eg bekymra for at omstillingskostnaden er undervurdert. Fylkeskommunen vil få store eingongsutgifter knytt til IKT, både når det gjeld utstyr, infrastruktur og programvare. Det er etablert eit eige nasjonalt prosjekt for å avklare dette og samordne tiltak slik at kostnadsnivået vert halde nede. Det vil også verte auka kostnader knytt til etablering av fleire kontorstader enn i dagens fylkeskommunar, innkjøp og leige av utstyr som køyretøy, måleutstyr, arbeidstøy osv.

Konklusjon

Prosjektleiaren meiner at avvikling av sams vegadministrasjon er ei stor og viktig reform, der fylkeskommunane må setjast i stand til å overta og gjennomføre oppgåvene innan fylkesvegadministrasjonen på ein god måte. Då må finansieringa av reforma følgje oppgåvene, uavhengig av kor mange personar som vert overførte frå Statens vegvesen. Det må takast omsyn til reelle kostnader med reforma. Det må også takast høgde for at omstillingskostnadene kan verte store.

Vedlegg:

Brev frå SVV 08.02.2019

Frå frå KS til KMD 06.02.2019



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.
Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår referanse: 19/00378-1
Arkivkode: 0
Saksbehandler: Ingunn Monsen,
Deres referanse:
Dato: 07.02.2019

Overføringen av fylkesveiadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunene

Overføringen av fylkesveiadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunene er en omfattende reform. Statens vegvesen kom 6. februar med reviderte beregninger av fordelt ressursbruk på fylkesveioppgaver som skal overføres fra 2020.

En viktig premisse for at dette skal bli en vellykket oppgaveoverføring er det økonomiske oppgjøret. KS forutsetter at overføringen av fylkesveiadministrasjonen gjennomføres på samme måte som ved tidligere oppgaveoverføringer mellom stat og kommunesektor, dvs. at midler følger oppgavene. Dette er etter KS' syn avgjørende for at fylkeskommunene skal være i stand til å utføre de oppgavene som blir overført. Dette er også uavhengig av hvem av de ansatte i Statens vegvesen som overføres til fylkeskommunene og hvem som blir igjen.

Denne oppgaveoverføringen forutsetter en tett oppfølging knyttet til ressursene som skal til for at fylkeskommunene skal lykkes. Det er særlig behov for å følge opp antall årsverk som overføres, kostnadene pr årsverk, varige merkostnader og omstillingskostnader. KS forventer at alle kostnadselementene blir tatt hensyn til i de samlede bevilgningene til fylkeskommunene i 2020.

Det er også viktig at signalene i kommuneproposisjonen som kommer i mai er så tydelige at fylkeskommunene vet hva de har å forholde seg til med hensyn til rammer i 2020 når de nå skal bygge opp en ny organisasjon.

Med vennlig hilsen

Gunn Marit Helgesen
styreleder

Lasse Hansen
administrerende direktør

Mottakere: Kommunal- og moderniseringsdepartementet - KMD

Kopi: Samferdselsdepartementet - SD



Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Vegdirektoratet	Gro Marøy / 75114803 Kjerstin Bretteville-Jensen /48026055	17/214648-96		06.02.2019

Regionreformen, beregning og fordeling av ressurser mellom fylkeskommuner og SVV mm

I rapporten «Fra sams og samling» har Statens vegvesen (SVV) gjort beregninger og fordelt vår ressursbruk på fylkesvegoppgavene. Beregningene knytter seg til årene 2015–17, hvor tallene for 2017 er lagt til grunn for den videre bruk. Det har senere vært dialog mellom fylkeskommunene og SVV om tallene.

Som tidligere bebudet har SVV nå gjort beregninger på bakgrunn av tall for 2018. I tillegg er det gjort enkelte kvalitetsforbedringer, også etter innspill fra fylkeskommuner. Beregningene følger nedenfor.

SVV ser også et behov for å orientere om forutsetningene for budsjettmessige virkninger av ansatte fra SVV overføres til fylkeskommunene.

Hovedbildet

Totaltallet for 2018 er 1850 stillinger fra tidligere beregnet 1650 i 2017. Økningen skyldes en nærmere kvalitetssikring av 2017-tallene og en liten aktivitetsøkning i 2018. Av de 1850 stillingene utgjør støttefunksjoner 179 (inkl både faglig støtte som jurister og økonomer, og administrativ støtte som arkiv, HR-tjenester mm) og fagstillinger 1671. Det er viktig både for fylkeskommunene og SVV å kunne rekruttere/beholde fagpersonell i nødvendig grad. Dermed må de budsjettendringene som skal gjøres reflektere det faktiske antallet som overføres, fra henholdsvis fag og støttefunksjoner.

Postadresse
Statens vegvesen
Region nord
Postboks 1403
8002 BODØ

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-nord@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Ytterøra 22
8656 MOSJØEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Av de 1850 stillingene er 776 knyttet til fylkeskommunale investeringsprosjekter og allerede betalt av fylkeskommunene (776 inkluderer en andel støttefunksjoner som ligger i timeprisen). Vi legger til grunn at fylkeskommunene oppretter et tilsvarende antall stillinger ansatte fra SVV kan gå inn i. Fordi disse stillingene allerede er finansiert, skal de trekkes ut før budsjettvirkningen beregnes.

Årsverkskostnaden som vi legger til grunn er 1.060.000 kroner.

Nærmere om beregningene av bemanningsressurser

I forbindelse med arbeidet med rapporten «Fra sams og samling» ble det gjort beregninger over hvor mye ressurser SVV har brukt på fylkesvegoppgaver innenfor sams vegadministrasjon, og på bakgrunn av utvalgte nøkkeltall gjort en beregning av fordeling av ressursbruken på henholdsvis rv. og fv. Tallene som ble bruk var fra 2017, men det ble også sett på 2014 – 2016. Det er nå gjort en nærmere kvalitetssikring og vurdering av 2017-tallene, og tall fra 2018 er lagt til grunn for nye beregninger.

Beregningene er basert på faktisk timeregistrering på oppgaver, kombinert med teoretiske nøkkeltall for fordeling på rv. og fv.

Kvalitetssikring av ressursberegning for 2017

Disse nye gjennomgangene for 2017 har gitt en økning av beregnede årsverk til fylkesvegoppgaver med om lag 165. Endringene skyldes:

- Endret fordelingsnøkkel trafikkarbeid (+ ca 80)
- Ikke fakturert tid på ressursavdelingene (+ ca 50)
- Formelfeil og logiske feil i beregningsgrunnlaget (+ ca 35)

Tilsvarende beregning for 2018 gir ytterligere 31 årsverk til fylkesvegoppgaver. Forskjellen fra 2017 til 2018 er hovedsakelig økning på investeringsoppgaver og noe på forvaltningsoppgaver.

	2017			2018
	<i>Ny beregning</i>	Opprinnelig beregning	Endring	<i>Ny beregning</i>
ALLE REGIONER				
Beregnet ressursbruk til fylkeskommunene	1 773	1 609	164	1 804

Årsverk regnes om til antall hele stillinger, ved å øke med 2,5%.¹

¹ 2,5% legges til for å korrigere for annet lønnet fravær enn sykefravær, omfang av overtid og beregningsmetode for gjennomsnittlig antall hele stillinger på et år

Totalt ressursbruk til fylkesvegoppgaver i SVV i 2018

Ny fylkeskommune	Ressursbruk årsverk	Antall hele stillinger	Herav støttefunksjoner	
			Ressurbruk årsverk	Antall hele stillinger
Troms og Finnmark	132	135	14	14
Nordland	124	127	13	13
Trøndelag	213	219	19	19
Møre og Romsdal	121	124	11	11
Vestland	287	294	26	27
Rogaland	187	192	17	17
Agder	122	125	12	12
Vestfold og Telemark	156	160	15	15
Innlandet	166	170	18	18
Viken	295	302	30	31
SUM	1 804	1 850	175	179

Oppgaver fylkeskommunene allerede har finansiert
(investeringsoppgaver inkludert tilhørende støttefunksjoner)

Ny fylkeskommune	Fag- funksjoner	Støtte- funksjoner	Totalt
Troms og Finnmark	43	6	49
Nordland	43	5	48
Trøndelag	101	10	111
Møre og Romsdal	44	4	49
Vestland	119	12	131
Rogaland	93	10	103
Agder	42	4	46
Vestfold og Telemark	49	5	54
Innlandet	56	7	64
Viken	109	12	121
SUM	699	77	776

Ansatte på fylkesvegprosjekter finansieres allerede i dag av fylkeskommunene og en overføring av disse stillingene får dermed ingen budsjettvirkning.

Budsjettrammer 2020 – overføringer av midler fra SD til KMD for kostnader knyttet til bemanning

I kapittel 17.4 i Meld. St. 61 står det: «Fylkeskommunene vil få overført budsjettmidler til lønnskostnader til ansatte som de overtar fra Statens vegvesen, der staten dekker slike kostnader i dag.»

Dette betyr at fylkeskommunene fra Statens vegvesen vil kunne få overført budsjettmidler opp til det antallet de samlet sett rekrutterer og ikke allerede selv finansierer. Det er enighet om at de som kan rekrutteres er ansatte i Statens vegvesen som ved overføringen har oppgaver med fylkesvegene, dvs. oppgaver som utføres under sams vegadministrasjon i regionene og i Vegdirektoratet.

Grunnlag for beregning av budsjettkonsekvens, stillinger som staten har betalt i 2018

Ny fylkeskommune	Ressursbruk årsverk	Antall hele stillinger	Herav støttefunksjoner	
			Ressurbruk årsverk	Antall hele stillinger
Troms og Finnmark	84	86	8	8
Nordland	77	79	8	8
Trøndelag	105	108	9	9
Møre og Romsdal	74	76	7	7
Vestland	159	163	14	14
Rogaland	87	89	7	7
Agder	78	80	8	8
Vestfold og Telemark	103	106	10	10
Innlandet	104	107	11	11
Viken	177	181	18	18
SUM	1 047	1 073	100	103

Statens vegvesens kostnader for disse stillingene framkommer ved å bruke det gjennomsnittstall som etaten for øvrig bruker:

Nøkkeltall - gjennomsnittlige kostnader	2018
Årslønn (lønn, arb.avg., overtid, pensjon)	800 000
IKT-kostnad knyttet mot en ansatt	50 000
Eiendomskostnad per ansatt	150 000
Reisekostnad per ansatt	45 000
Rekvisita, mobil og øvrig felleskostnader	15 000
Beregnet kostnad per årsverk	1 060 000

Kostnader for de stillingene som SVV har brukt til fylkesvegoppgaver og som har vært finansiert av statlige midler blir da slik:

	2017	2018
ALLE REGIONER	Årsverk (registrerte timer dividert på 1.650 t)	
Årsverk som legges til grunn for beregning av budsjettvirkning	1 042	1 047
Økt med 2,5 % for overtid, sykefravær, midkertidige stillinger mm	1 068	1 073
Kostnader knyttet til årsverk, 1,06 mill kr pr hele stilling (mill kr 2018)	1 132	1 138

De budsjettmessige endringer bør gjøres så nær opptil behandlingen i Stortinget som mulig, fordi vi ikke vil ha sikre tall på hvor mange som faktisk vil bli ansatt i fylkeskommunene før utpå høsten.

Med hilsen

Terje Moe Gustavsen
Vegdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Likelydende brev sendt til

Akershus fylkeskommune, Postboks 1200 Sentrum, 0107 OSLO

Aust-Agder fylkeskommune, Postboks 788 Stoa, 4809 ARENDAL

Buskerud fylkeskommune, Postboks 3563, 3007 DRAMMEN

Finnmark Fylkeskommune, Fylkeshuset Postboks 701, 9815 VADSØ

Fylkeskommunene,

Hedmark fylkeskommune, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 HAMAR

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Kommunenes sentralforbund, Haakon VII's gate 9, 0161 OSLO

KS, Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo, 0114 OSLO

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Nordland fylkeskommune, Postmottak Fylkeshuset, 8048 BODØ

Oppland fylkeskommune, Postboks 988, 2626 LILLEHAMMER

Rogaland fylkeskommune, Postboks 130 Sentrum, 4001 STAVANGER

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 SKIEN

Troms fylkeskommune, Postboks 6600, 9296 TROMSØ

Trøndelag fylkeskommune, Fylkets hus, Postboks 2560, 7735 STEINKJER

Vest Agder Fylkeskommune,
Vestfold fylkeskommune, Postboks 2163, 3103 TØNSBERG
Østfold fylkeskommune,

Notat

Dato: 05.03.2019
Arkivsak: 2018/16004-1
Saksbehandlar: torrutl

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiar Rune Haugsdal

Prosjekt for felles organisasjonskultur, Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar utnemnde ved nyttår 2019 ei prosjektgruppe som skal utarbeide grunnlag for å formulere samfunnsoppdrag, visjon og verdiar som skal gjelde for alle tilsette i nye Vestland fylkeskommune. Føremålet med arbeidet er å skape grunnlag for bygging av ein felles organisasjonskultur i den nye organisasjonen.

Felles verdiar, visjon og samfunnsoppdrag er verdfulle verkøy for langsiktig utvikling av leiarar og medarbeidarar. Dei gir eit overordna grunnlag for strategiutvikling, planarbeid, anbudsprosessar og rekruttering, og vert retningsgjevande for det daglege arbeidet i fylkeskommunen.

Den nye toppleiargruppa er styringsgruppe for prosjektet og dei vert aktivt involvert i sluttarbeidet med å leggje fram forslag til formuleringane for Fellesnemnda på møtet 18. juni 2019.

Prosjektleiar: Konst. Fylkesrådmann Ingrid K. Holm Svendsen (HFK)

Prosjektkoordinator: Sen. rådgjevar Arild Sondre Sekse (HR/HFK)

Medlemer i prosjektgruppa:

- Jan Erik Weinbach (HR-rådgjevar/SFJ)
- Agnete Norheim Kaldestad (overtannlege/HFK)
- Tor-Einar Holvik Skinlo (ass. opplæringsdirektør/SFJ)

Fagleg assistanse: PwC

Aktivitetar så langt i prosjektet:

- Workshop på utvida leiarsamling (80 leiarar frå både fylka), Myrkdalen, 17. jan 2019
- Workshop med 45 hovudtillitsvalde (både fylka), Bergen, 23. jan 2019
- Spørsmål om verdiar i spørjeundersøking før dialogmøte kommunar jan/feb 2019
- Workshop med overtannlegar, både fylka, Voss, 14. feb 2019
- Spørjeundersøking til alle fast tilsette i både fylka, utsendt 15. feb 2019
- Spørjeundersøking til innbyggjarar (representativt utval v/ Norstat), utsendt 19. feb 2019
- Arbeidsmøte i prosjektgruppa gjennom heile prosjektperioden.

Planlagd aktivitet:

- Informasjon og involvering av fylkeseldreråd, RMNF, UFU/ungdomspolitisk utval
- Involvering av leiarar og tilsette på vidaregåande skular
- Workshop om verdiar/visjon med Fellesnemnda, 13. mars 2019
- Spørjeundersøking til alle medlemmer av baa fylkesting.

På denne måten samlar prosjektgruppa inn synspunkt og forslag både kvalitativt og kvantitativt. Toppleiargruppa vil arbeida med dette grunnlaget i april/mai og leggje fram forslag til samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for fellesnemnda 18. juni.

Meir informasjon vert gitt i møtet i fellesnemnda 13. mars 2019.

Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland
Akersgata 59,
Postboks 8112,

0032 OSLO

Dato: 19.02.2019
Vår ref.: 2018/16486-23
Saksbehandlar: thoaare
Dykkar ref.:

Nytt inntektssystem for fylkeskommunane - Nye Vestland fylkeskommune ber om møte med KMD

På møte i fellesnemnda for Nye Vestland fylkeskommune, 14.februar 2019, vart det handsama sak om departementet sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane.

Det vart m. a vedteke å be om eit møte med kommunal- og moderniseringsministeren for å klargjere sider ved departementet sitt forslag til nytt inntektssystem. Fellesnemnda meiner eit slikt møte vil vere nyttig for begge partar, for å sikre at alle verknader av departementet sitt forslag til nytt inntektssystem kjem fram.

Fellesnemnda merka seg at departementet sitt forslag på ingen måte tek opp i seg verknadene av det miljøvenlege teknologiskiftet som no pågår, særleg innanfor ferje- og snøggbåtsektoren. Ulike topografiske tilhøve er heller ikkje vektlagt i departementet sitt forslag, med tanke på at statlege tilskot til rassikring skal inngå i inntektssystemet frå 2020. Vestland fylkeskommune vil ha store behov for rassikring i høve andre deler av landet.

Det er også viktig for fellesnemnda å få forsikring frå kommunal- og moderniseringsministeren om at dei nye oppgåvene som vert overførte til fylkeskommunane frå 2020 er finansierte fullt ut ved overføringa. Så langt har ein merka seg at dette ikkje er tilfelle for det som gjeld overføring av sams vegadministrasjon og for dei statlege fiskerihamnene.

Med grunnlag i dette ser underteikna fram til eit raskt og positivt svar på førespurnaden om eit møte med kommunal- og moderniseringsministeren om forslaget til nytt inntektssystem for fylkeskommunane.

Anne Gine Hestetun

leiar i fellesnemnda

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Familie- og kulturkomite på Stortinget
Karl Johans gate 22
0026 OLSO

Vår referanse: 19/00294-2
Arkivkode: 0
Saksbehandler: Arild Eielsen,
Deres referanse:
Dato: 01.03.2019

Komiteens behandling av kulturmeldingen (Meld. St. 8 2018-2019)

Vi viser til henvendelsen fra KS i e-post 15. februar hvor KS tilbød seg å arrangere et møte mellom komiteen og fylkeskommunene i forbindelse med komiteens behandling av kulturmeldingen. I svar i e-post 19. februar fremgikk det at komiteen ikke ville imøtekomme ønsket om et slikt møte.

Organisering og ansvarsfordeling i kulturpolitikken mellom stat og fylkeskommune er et viktig tema i kulturmeldingen, og departementet har lagt fram en egen utredning om dette sammen med selve meldingen. På den bakgrunn var det derfor et ønske fra fylkeskommunene om å få en direkte dialog med komiteen om hvordan fylkeskommunene vil kunne ivareta et forsterket ansvar på kulturfeltet, som ikke et fem minutters høringsinnlegg og notat fra KS kunne erstatte.


I andre saker av særlig viktighet for fylkeskommunene er det ikke uvanlig at fylkeskommuner deltar på høringer i Stortinget i tillegg til KS.

KS har videreformidlet til fylkeskommunene komiteens påpekning av muligheten til å sende skriftlige høringsinnspill. Vi tar også komiteens avslag av tilbudet om å arrangere et supplerende møte med fylkeskommunene til etterretning. Siden fylkeskommunene er viktige aktører i den nasjonale kulturpolitikken, og er tiltenkt en med sentral rolle i kulturpolitikken fremover, vil vi likevel hevde at komiteen ville hatt nytte av en noe grundigere direkte dialog med disse om hvordan de planlegger å ivareta denne rollen. Dersom komiteen likevel skulle finne tid til en slik direkte dialog, er KS parat til å organisere det.

Med hilsen

Gunn Marit Helgesen
leder KS

Tore O. Sandvik
leder fylkesordfører/-rådslederkollegiet



Notat vedr. møte Fellesnemnda for nye Vestland Fylkeskommune 4.2.19

Amatørkulturrådet i Bergen viser til arbeidet med å inspirere det frivillige- og amatørbaserte kulturlivet til å opprette lokale- og regionale Amatørkulturråd. (Hordaland Fylkeskommune har gitt 2-årig prosjektstøtte til dette arbeidet.) Vår erfaring er at det er stor interesse for å følge opp de foreslåtte tiltakene knyttet til amatørkultur nevnt i Regional kulturplan 2015-2025:

«Det er ei målsetting å prøve ut etablering av lokale amatørkulturråd i samarbeid med nokre kommunar, etter modell frå idrettsråda. I neste omgang kan det vurderast danning av eit fylkesfemnande råd, som eit pilotprosjekt for å avklåra trong for slike råd i heile Hordaland.»

Amatørkulturrådet bidrar gjerne og står til disposisjon for Fellesnemnda for å videreføre arbeidet i den nye Vestland Fylkeskommune.

Det er i 2018 etablert Amatørkulturråd med interimstyre:

Ullensvang Amatørkulturråd (Odda, Jondal og Ullensvang)

Sunnhordland Amatørkulturråd (Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Etne, Sveio, Austevoll og Kvinnherad.)

Øygarden Amatørkulturråd (Sund, Fjell og Øygarden)

Askøy Amatørkulturråd stiftes medio 1. kv. 2019

Inger-Lise Skarstein
Inger-Lise Skarstein

Styreleder

Geir Eikenes
Geir Eikenes
Daglig leder

Utsleppsfrie eller fornybare løysingar for ferjer og hurtigbåtar

Vestland fylke er ein stor brukar og kjøpar av ferje- og hurtigbåt-tenester. Om lag 25 ferjer og 10 hurtigbåtar. Gjennom anbudspolitikk og innkjøpsregelverk er fylkespolitikarar med og sett krav ma på klimautslepp. Hordaland fylke har gått i tet på dette viktige arbeidet. Noko alle applauderer, men som ingen ønskjer å plukke opp rekninga for. Satsinga vil koste fylket om lag kr. 300 mill i året i driftsutgifter.

Dersom fylket åleine skal ta desse utviklingskostnadane, så vil to ting skje:

- Det vil gå ut over andre tilbod innanfor samferdsle, som vedlikehald og tal avgangar.
- Det vil gjere at fylker og kommunar kvir seg for, og ikkje tør å ta den økonomiske risikoen det er, å gå i front med å utvikle og å kreve ny teknologi for å få ned klimautsleppa.

I regjeringa sin politiske plattform frå Granavolden, står det både under samferdsel og klima- og miljø, at ein skal «stille krav om utlippsfrie eller fornybare ferje- og hurtigbåtanbud der det ligger til rette for det».

I intensjonsplanen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland står det i pkt 10, som eit vilkår for den nye regionen, at «eit eventuelt regionalt bestillaransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestland».

KrF meiner vi kan kople desse sakene, og gjere Vestland til ein pilot for utvikling og utprøving av ny utsleppsfri teknologi for ferje og hurtigbåt. I dette pilot-programmet må staten medverke i eit samarbeid med fylkeskommunen om pengar til både utvikling og drift, samt utvikling av berekraftig finansieringsmodell som sikrar at det offentlege, uavhengig av politisk nivå, går føre i det grønne skiftet.

KrF ber om at fellesnemnda arbeider vidare med initiativet.

KrF

Trude Brosvik, Pål Kårbø og Tom Sverre Tomren

Fra: Per Rune Vereide (prv@sp.no)

Sendt: 20.02.2019 14:31:57

Til:

Kopi: Per Rune Vereide

Emne: Uttale frå fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane - Ungdomskort i Vestland fylke.

Vedlegg:

Frå

Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Fellesnemnda Vestland fylke

Hordaland fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ungdomskort i Vestland fylke.

I dag tilbyr Sogn og Fjordane fylkeskommune alle ungdomar mellom 16 og 19 år ungdomskort. Ungdomskortet gjer det mogleg å nytte all kollektivtransport i fylket for kr 365,- i månaden. I Hordaland har ein ungdomskort frå 16 til fylte 20 år. Dette gjer det økonomisk overkomeleg for ungdom å reise rundt i fylket, noko som m.a. er viktig for våre mange hybelbuarar.

Sogn og Fjordane og Hordaland skal slå seg saman til Vestland. Det vil vere ei viktig politisk oppgåve å knyte det nye fylket saman. Senterpartiet i Sogn og Fjordane meiner at å vidareføre ungdomskortordninga er eit viktig tiltak. Eit ungdomskort som dekker heile den nye regionen vil gjere det økonomisk enklare for ungdom å flytte seg kring om i Vestland fylke.

I tillegg til å vidareføre ordninga i det nye fylket meiner vi at ordninga også skal gjelde for studentar. Dette er høgst relevant, då mange unge har kryssa dagens fylkesgrense for å ta høgare utdanning. Vi ønskjer å gjere det enklare for denne gruppa både å reise heim og å utforske heile regionen.

Senterpartiet vil:

- At all ungdom mellom 13 og 19 år skal ha tilbod om ungdomskort. I kombinasjon med student- / lærlingbevis skal kortet kunne nyttast til fylte 25 år.
- Utvide dagens ordning i Hordaland, med studentbevis opptil 32 år, til å gjelde i heile det nye fylket.

Kopi til:

Presse og media

Senterpartiets fylkestingsliste 2019 (topp 15)

Senterpartiets fylkestingsgruppe Hordaland

Senterpartiets fylkestingsgruppe Sogn og Fjordane

Senterpartiets Hovudorganisasjon

Ha ein fin dag ☺

Med helsing

Senterpartiet i Sogn og Fjordane



Per Rune Vereide (s)

Fylkessekretær

Kontaktinfo:

telefon – 9770 6884

e-post – prv@sp.no

besøksadresse – Grandavegen 32 – Sandane

postadresse – postboks 154 – 6823 Sandane

www.senterpartiet.no/sfj

PS 17/19 Ymse

Arkivnr: 2018/16486-31
Saksbehandlar: Astrid Lernes, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Nils Egil Vetlesand, fylkesrådmannen, Hordaland

Saksframlegg		
Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fellesnemnda	18/19	13.03.2019

Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 2/19

Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek informasjonen om finansutvalsmodellen – målsetting, rollar og praktisk gjennomføring til vitande.
2. Fellesnemnda fastset følgjande arbeidsmål for utarbeiding av sitt budsjettframlegg:
 - Budsjettår 2020 skal salderast med realistiske, gjennomførbare tiltak.
 - 2021 skal ha skisserte tiltak/utgreiingar som vert konkretisert påfølgjande år.
 - 2022-23 kan salderast med innsparingskrav som vert konkretisert i seinare budsjettprosessar.
3. Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020.
Fellesnemnda ber prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018.
4. Fellesnemnda tek orienteringa om investeringsprogrammet i økonomiplanen 2020-23 til vitande.
Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av kva prosjekt som kan tidsforskyvast på kort sikt, for å redusere kapitalutgiftene i 2020.
Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av det samla nivået på sekkepostløyvingane.
Prosjektleiar får i oppgåve å gjere nærare greie for finansieringsplanen knytt til ikkje påbegynte prosjekt.
5. Sluttsalderinga av økonomiplan 2020-2022 vert reversert og teken inn som ei økonomisk utfordring i arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleder, 05.03.2019

Møtet i fellesnemnda i rolla som finansutval, heretter kalla finansutvalet, startar med ein presentasjon av dei ulike sektorane i nye Vestland fylkeskommune. Dette er ei oppfølging av presentasjonane fylkesrådmennene hadde i førre møte, og det skal orienterast om følgjande område/tema:

- Ansvarsområde og organisering
- Faka om sektoren (t.d. talet på vidaregåande skular, tal ferje/båtsamband o.likn.)
- Presentere budsjettstorleik på overordna nivå (ref. oversyn i arbeidsdokument 1 som var handsama i Fellesnemnda 14. februar)
- Sektorspesifikke inntekter (t.d. kollektivtrafikkinntekter)
- Finansieringsordningar (statlege ordningar evt. andre)
- Søknadsordningar
- Utfordringar framover med stor samla ubalanse i drifta som bakteppe.

Dette er eit viktig bakteppe for det arbeidet finansutvalet no står føre i arbeidet med å saldere budsjett og økonomiplan.

Utover dette har arbeidsdokumentet denne gongen fokus på følgjande område:

- Arbeidsdeling mellom fellesnemnda og nytt fylkesting
- Årsrekneskapen – resultat og rammekonsekvensar
- Gjennomgang av vedtekne investeringsbudsjett

Då denne arbeidsforma er ny for politikarane i Hordaland, vil prosjektleiaren innleiingsvis i dette dokumentet «friske opp att» nokre poeng frå førre arbeidsdokument/møte i finansutvalet. Prosjektleiaren vil her også gje ei kort forklaring på korleis tema i arbeidsdokumentet vert fastsett og korleis dokumentet bør nyttast for å gje føresett utbytte.

Prosjektleiaren viser til vedlagte arbeidsdokument som grunnlag for prosessvedtak i fellesnemnda i arbeidet med forslaget til budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2018

Fylkesrådmannen har no lagt fram fylkeskommunen sin rekneskap for 2018. God budsjett disiplin og god økonomistyring gjev eit overskot på 56,5 millionar kroner. Dette er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat vert nytta som indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune/kommune har. For fylkeskommunane er det no tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 % (av samla driftsinntekter). Netto driftsresultat 2018 for vår fylkeskommune er på 195,9 millionar kroner, noko som utgjer 5,9 % av samla driftsinntekter.

Budsjettstyring

I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Ordinære løyvingar er styrbare løyvingar, der fylkeskommunen i stor grad skal ha kontroll på sluttresultatet.

For dei styrbare løyvingane har fylkeskommunen som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjett disiplin vert difor ikkje alle budsjettpostar nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 % som råd. Dette gjev mindre innsparingar på ein god del postar. Dette er ei hovudforklaring på at vi kjem ut med ei netto innsparing på 30,3 millionar kroner på sektornivå i 2018. Fylkesrådmannen er nøgd med at alle sektorane har eit positivt nettoresultat.

Fellesinntekter- og utgifter

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2018 ei netto meirinntekt/innsparing her på 26,3 mill. kr.

Skatt og rammeti lskot er hovudinntektskjeldene og utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2018. På desse to inntekstpostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 10,0 mill. kr (0,42 %). Vidare har vi meirinntekter knytt til;

- Premieavvik, pensjon etc. på 9,5 mill.kr.
- Kapitalinntekter/kapitalutgifter 6,8 mill.kr.

Sektornivået

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto utgiftsramme på vel 2,3 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 30,3 mill. kr har sektorane våre, sett under eitt, ei budsjettgjennomføring på om lag 98,5 %. Dette meiner fylkesrådmannen er svært bra.

Forvaltning står for 5,0 mill. kr av denne innsparinga. Dei største postane med mindreforbruk er politisk styring/kontrollutval (1,4 mill.kr.), administrasjon og administrasjonslokale (1,2 mill. kr), div tilskot og fellesutgifter (2,0 mill.kr.) og lokal og regional utvikling (0,5 mill.kr.)

Opplæring har eit samla mindreforbruk på 17,2 mill. kr i 2018. Dei største postane med mindreforbruk er utgifter til lokale (3,8 mill. kr), utdanningsprogramma (5,3 mill. kr) og tilpassa opplæring (4,1 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er opplæring i bedrift (4,4 mill. kr). Dei

vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane har eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 0,1 mill. kr i høve budsjett 2018. Skulane har resultatoverføring (til 2019) og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Tannhelse har ei innsparing på 3,1 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2019) og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

Næring og kultur har samla eit netto mindreforbruk på 1,0 mill.kr., alt innan kulturområdet.

Samferdsle har eit samla netto mindreforbruk på 6,3 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegferjer (2,8 mill.kr.), bilruter (1,7 mill.kr.) og fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (1,3 mill. kr).

Fylkesveg – drift og vedlikehald - har eit mindreforbruk på 37,8 mill.kr. som vert overført til bruk seinare år. Dette påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

Plussrekneskap, men knappe marginar

– Gjennom godt arbeid, god budsjett disiplin og god budsjettstyring i heile organisasjonen, fekk Hordaland fylkeskommune i 2018 på ny ein rekneskap i pluss. Eg vil retta ei stor takk til medarbeidarar på alle nivå for vel utford jobb, seier kst. fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen.

Hordaland fylkeskommune kjem ut med 20,8 mill. kr i overskot på 2018-rekneskapen. Driftsutgiftene i sektorane viser godt samsvar med tildelte budsjett. Lånegjelda auka moderat og gjeldsgraden gjekk ned i 2018.

Nøkternt og målretta

– 2018 var eit nytt år der det er arbeidd nøkternt og målretta i heile organisasjonen. På ny er det grunn til å gje honnør for god økonomistyring, seier kst. fylkesrådmann Holm Svendsen.

Stram økonomistyring er hovudårsaka til det positive resultatet. Skatteinngangen i 2018 vart 22,5 mill. kr høgare enn budsjettet. Utgiftene til renter på lån vart 26,5 mill. kr lågare enn budsjettet.

Hordaland var og i 2018 mellom fylka som fekk mindre skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. På landsbasis var skatteauken høgare enn føresett i statsbudsjettet. På grunn av utjamningsregelen i inntektssystemet vart dermed skatteinngangen i Hordaland betre enn budsjettet.

Over 12 milliardar

Fylkeskommunen sine totale driftsutgifter var i 2018 på 8 495 mill. kr. Til renter og avdrag på lån vart det brukt 813,5 mill. kr, som er 97 mill. kr meir enn i 2017. Auken kjem av større nedbetaling av lån. Investeringane i 2018 var på 2 838 mill. kr.

– Samla omsetnad for fjoråret kom opp i ca. 12 milliardar kroner. Det viser tydeleg at fylkeskommunen er ein stor og viktig samfunnsaktør, seier kst. fylkesrådmann Holm Svendsen.

Sektorane

Det største tenesteområdet er samferdsel med driftskostnader på 3 474 mill. kr i 2018. Opplæringssektoren følgjer deretter med kostnader på 3 222 mill. kr. Desse to sektorane står for 79 prosent av driftsutgiftene.

For dei andre sektorane viser rekneskapen desse brutto driftsutgiftene: kultur og idrett 535 mill. kr, tannhelse 354 mill. kr, regional 340 mill. kr, økonomi og organisasjon 208 mill. kr, eigedom 367 mill. kr, politisk verksemd og kontrollorgan 74 mill. kr.

Gjeldsgraden ned

Fylkeskommunen har i mange år investert tungt i nye og framtidsretta skulebygg, tannklinikkar, fylkesvegar og bybane. Det har resultert i ei lånegjeld på 10,72 mrd. kr ved utgangen av 2018 med ein gjeldsgrad – gjeld i prosent av driftsinntekter – på 109,4 prosent. Dermed har gjeldsgraden gått noko ned frå 2017.

Krevjande situasjon

Trass i det positive rekneskapsresultatet, har fylkeskommunen ein krevjande økonomisk situasjon. Netto driftsresultat var på knapt ein prosent, ei halvering frå 2017 og klart under den tilrådde norma på 4 prosent. Høg lånegjeld og auka kostnader med nye, miljøvenlege ferjer og miljøvenlege bussar frå 2019-2020, vil føre til sterk auke i både drifts- og investeringskostnadene dei komande åra.

Treng vekst

– Den nye Vestland fylkeskommune treng ein vesentleg inntektsvekst i åra framover for å makte kostnadene med klimaløftet. Slik vi har gjort i mange år no, krevst det framleis grundig prioritering av aktivitet og tenestetilbod i komande år, seier kst. fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen.

– For 2020 og den nye Vestland fylkeskommune vil det verte svært avgjerande kva rammevilkår regjeringa vil gje den nye regionen. Eg har enno tru på at vi i alle fall vil få draghjelp eit stykke på veg,

seier kst. fylkesrådmann.

Honnør frå fylkesordføraren

– Eg vil gje honnør til alle einingane og medarbeidarane for innsatsen og det gode resultatet. I 2018 er det på ny arbeid målretta for å levere gode og solide tenester til innbyggjarane i Hordaland innan alle tenestoområda våre, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Fellesnemnda, Nye Vestland fylkeskommune

13.3.2019

Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 2/19

Møtet i Fellesnemnda i rolla som finansutval, heretter kalla finansutvalet, startar med ein presentasjon av dei ulike sektorane i nye Vestland fylkeskommune. Dette er ei oppfølging av presentasjonane fylkesrådmennene hadde i førre møte, og det skal orienterast om følgjande område/tema:

- Ansvarsområde og organisering
- Fakta om sektoren (t.d. talet på vidaregåande skular, tal ferje/båtsamband o.likn.)
- Presentere budsjettstorleik på overordna nivå (ref. oversyn i arbeidsdokument 1 som var handsama i Fellesnemnda 14. februar)
- Sektorspesifikke inntekter (t.d. kollektivtrafikkinntekter)
- Finansieringsordningar (statlege ordningar evt. andre)
- Søknadsordningar
- Utfordringar framover med stor samla ubalanse i drifta som bakteppe.

Dette er eit viktig bakteppe for det arbeidet finansutvalet no står føre i arbeidet med å saldere budsjett og økonomiplan.

Utover dette har arbeidsdokumentet denne gongen fokus på følgjande område:

- Arbeidsdeling mellom fellesnemnda og nytt fylkesting
- Årsrekneskapen – resultat og rammekonsekvensar
- Gjennomgang av vedtekne investeringsbudsjett

Då denne arbeidsforma er ny for politikarane i Hordaland, vil prosjektleiaren innleiingsvis i dette dokumentet «friske opp att» nokre poeng frå førre arbeidsdokument/møte i finansutvalet. Prosjektleiaren vil her også gje ei kort forklaring på korleis tema i arbeidsdokumentet vert fastsett og korleis dokumentet bør nyttast for å gje føresett utbytte.

1 FINANSUTVALSMODELLEN – MÅLSETTING, ROLLAR OG PRAKTISK GJENNOMFØRING

I førre finansutval presenterte prosjektleiaren dei sentrale elementa i budsjettmodellen som er vald – finansutvalsmodellen.

Målsetting

Målet med denne modellen er å sikre større politisk involvering og gjennom dette sikre større eigarskap til budsjettet som styringsverktøy. Skal ein oppnå dette, er det naudsynt at sjølv budsjettprosessen får ei meir sentral rolle i det politiske arbeidet.

Rollar

Administrasjonen ved prosjektleiar skal fungere som sekretariat overfor finansutvalet. Prosjektleiar har *ansvar for å halde politisk nivå oppdatert* på relevante saker og utarbeide

gode avgjerdsgrunnlag for prosessvedtaka. Gjennom dette arbeidet må det vere ein god dialog med finansutvalet for mellom anna å sikre at «rette» problemstillingar vert utgreia.

Finansutvalet må på si side sikre forankring og framdrift ved å gjere naudsynte prosessvedtak og *forhalde seg aktivt* til presentert materiale. Dei må også ta stilling til kva materiale dei ynskjer presentert/utgreidd gjennom å gjere politiske «bestillingar» til prosjektleiar.

Politiske bestillingar

I sist møte i finansutvalet vart det etterlyst eksempel på politiske bestillingar. I praksis kan desse framkome på to måtar. Det mest vanlege er at sekretariatet – med grunnlag i framlagt materiale - kjem med framlegg til kva oppgåver politikarane bør pålegge sekretariatet å utgreie/utdjupe (til eit seinare arbeidsdokument). Eit slikt eksempel kan hentast frå møteboka til finansutvalet i Sogn og Fjordane 3.5.17:

Fylkesrådmannen skal kome med eit framlegg til overordna prioriteringar for å sikre ein optimal balanse mellom investerings- og driftsnivå i komande planperiode. Som ein del av dette skal følgjande variablar vurderast:

- driftsmidlar til investering/drift
- nivå på innsparingskrav i drifta
- nivå på og bruk av lokale inntekter
- bruk av-/avsetjing til fond
- gjeldssanering/nye låneopptak

I det andre tilfellet kjem den politiske bestillinga som følgje av drøftingar og framlegg til kva sekretariatet skal sjå nærare på/utøve. Eit slikt eksempel kan hentast frå den same møteboka:

Stein Malkenes, Mdg, sette fram følgjande framlegg til punkt 6.2: Finansutvalet ber fylkesrådmannen i samband med arbeidet med ny klimaplan greie ut etablering av eit klimafond for Sogn og Fjordane. Framlegget vart samrøystes vedteke.

I begge høva kvitterer sekretariatet ut bestillinga skriftleg i eit påfølgjande arbeidsdokument.

Fastsetting av agenda på finansutvalsmøta

Møteplanen, med tilhøyrande grovkisse til agenda, er utgangspunktet når ein skal produsere eit arbeidsdokument til finansutvalet. I tillegg må det takast omsyn til tema som kjem opp/vert aktualisert i løpet av prosessen. Dette kan vere alt frå svar på politiske bestillingar, eksterne endringar som påverkar vår budsjettsituasjon og/eller nye rammeføresetnader som må klargjerast og innarbeidast i vårt økonomiske opplegg.

Handsaming av arbeidsdokumenta

I førre møte i finansutvalet vart arbeidsdokumentet handsama som eit saksførelegg med ei innstilling til vedtak. Det kan vera teneleg at ein går gjennom dokumentet punkt for punkt fordi arbeidsdokumentet er eit prosessdokument som er meint som eit diskusjonsgrunnlag for den politiske budsjettprosessen. Som fastsettinga av agendaen viser, vil arbeidsdokumentet som oftast bestå av mange og ueinsarta problemstillingar/saker som bør få politisk merksemd. Sogn og Fjordane – som har nytta denne modellen i mange år – har hatt god erfaring med å gå gjennom arbeidsdokumentet punkt for punkt, og opne for merknader og innspel. Dette vil gjere det lettare å kome fram med spørsmål og eigne politiske synspunkt/tilrådingar. På bakgrunn av dette vil prosjektleiarane anbefale at ein gjennomfører ei punktvis gjennomgang av arbeidsdokumenta.

Tilråding

Fellesnemnda tek informasjonen om finansutvalsmodellen – målsetting, rollar og praktisk gjennomføring til vitande.

2 ARBEIDSDELING MELLOM FELLESNEMNDA OG NYTT FYLKESTING

I arbeidsdokument 1/19 vart det avdekka ei økonomisk utfordring på 375-400 mill. kr i 2020, og utfordringa er aukande i økonomiplanperioden. Sjølv om desse tala er førebelse, gjev dei ein klar indikasjon på at det må setjast i verk omfattande tiltak for å få samsvar mellom forventta utgifts- og inntektsside dei komande åra.

Utarbeiding av eit godt avgjerdsgrunnlag for prioritering av varige utgiftsreducerande tiltak vil krevje tid og ressursar. Det er difor naturleg at det er det nye fylkestinget som må ta endeleg stilling til den langsiktige tilpassinga. Det er likevel vesentleg at den nye fylkeskommunen evnar å gjere opp rekneskapen i balanse dei komande åra slik at vi ikkje skyv føre oss underskot som må løysast i tillegg til dei årlege utfordringane vi alt ser av dei samanslegne økonomiplanane.

Fellesnemnda som finansutval sitt mål for denne budsjettprosessen bør difor vere å legge best mogleg til rette for det nye fylkestinget sitt arbeid med å sikre ein berekraftig økonomisk driftsbalanse på sikt. Dette kan gjerast ved å leggje følgjande arbeidsmål til grunn for fellesnemnda sitt budsjettframlegg:

- Budsjettår 2020 skal vere saldert med realistiske, gjennomførbare tiltak
- 2021 skal ha skisserte tiltak/utgreiingar som vert konkretisert påfølgjande år.
- 2022-23 kan salderast med innsparingskrav som vert konkretisert i seinare budsjettprosessar.

Finansutvalet kan finne konkrete tiltak for å saldere budsjettåret 2020 gjennom følgjande tilnærmingar (for nærare omtale av desse punkta vert det vist til a-dok 1/19):

- Påverknadsarbeid i høve eksterne rammeføresetnader – nytt inntektssystem
- Redusere lånegjeld/kapitalutgiftene gjennom retemporisering av investeringsplanen
- Kortsiktig tilpassing gjennom;
 - reversible tiltak på sektornivå
 - bruk av tilgjengelege fondsmidlar

Vidare må finansutvalet ta stilling til/skissere samla utgreiingsbehov for resten av planperioden og korleis dette bør fordelast på sektornivå. For året 2021 må det også peikast på aktuelle utgreiingsområde på sektornivå.

Så vert det opp til det nye fylkestinget å ta endeleg stilling til den langsiktige tilpassinga mellom aktivitet og tilgjengelege rammer. Dei skal alt i juni 2020 vedta økonomiplanen med fokus på å konkretisere utgreiingsområde på sektornivå. I løpet av budsjettprosessen i 2020 skal det nye fylkestinget også dimensjonere og iverksette varige innsparingstiltak i den grad desse er ferdig utgreidde og konsekvensane er akseptable.

Tilråding

Fellesnemnda fastset følgjande arbeidsmål for utarbeiding av sitt budsjettframlegg:

Budsjettår 2020 skal salderast med realistiske, gjennomførbare tiltak

2021 skal ha skisserte tiltak/utgreiingar som vert konkretisert påfølgjande år.

2022-23 kan salderast med innsparingskrav som vert konkretisert i seinare budsjettprosessar.

3 REKNESKAP 2018

Rekneskapsresultatet for 2018 syner så langt eit overskot på

- 20,8 mill. kr for Hordaland fylkeskommune
- 56,5 mill. kr for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Pressemeldingane som vart lagt fram i samband med offentleggjeringa av rekneskapsresultata følgjer som vedlegg 1 og 2.

Prosjektlear vil starte opp eit arbeid med å vurdere om rekneskapsresultatet er av ein slik karakter at det gjev grunnlag for ev. rammejusteringar. Resultatet frå dette arbeidet vil prosjektlear kome attende til.

Dei to fylkesrådmennene vil i juni leggje fram eigne saker for dei to fylkestinga om godkjenning av rekneskapen for 2018 og disponering av resultatet. Då vi alt no ser ein stor økonomisk utfordring i å få saldert budsjettet for 2020, vil prosjektlear nytte høve til å oppmode om at resultatata vert avsett til disposisjonsfond i 2019 for deretter å bli brukt som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020.

Tilråding

Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020.

Fellesnemnda ber prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapa for 2018.

4 INVESTERINGSBUDSJETTET 2020-2023

I arbeidsdokument 1/19 la prosjektleiar fram ei samla overordna framstilling for Vestland fylkeskommune sitt investeringsprogram for åra 2019-2022 samt ei førebels rullering av investeringsprogrammet til 2023.

Prosjektleiar legg no opp til ein meir detaljert gjennomgang av det samla investeringsprogrammet. Med bakgrunn i dei alvorlege økonomiske utsiktene for Vestland fylkeskommune framover, har gjennomgangen av investeringsprogrammet fokus på korleis vi på både kort og lenger sikt kan få redusert låneopptaket, og dei tilhøyrande kapitalutgiftene. Den høge lånegjelda medfører at dei årlege rente- og avdragsutgiftene vert ein stor belastning, noko som igjen påverkar handlingsrommet i driftsøkonomien. For å lette noko av presset på lånegjelda, vil det vere aktuelt å både vurdere tidsforskyvingar av investeringsprosjekt, og som siste alternativ vurdere om vi kan gjennomføre alle prosjekta som ligg i den samla økonomiplanen.

Med dette bakteppet har prosjektleiar funne det relevant å dele inn investeringsprogrammet slik;

- prosjekt som er påbegynt
- prosjekt som ikkje er påbegynte.
- prosjekt som føresett endeleg FT vedtak i 2019, samt prosjekt der byggekontrakt ikkje er signert per 13.mars.

Dette vil gje ei oversikt over kva prosjekt som er mogleg å vurdere å skyve ut i tid, og kva prosjekt som er sett i gong/vert sett i gong i løpet av 2019.

Påbegynte prosjekt er definert som prosjekt der byggekontrakt er signert. Vurderingane er gjort utifrå dei vedtekne budsjett/økonomiplanane i dei to fylkeskommunane. I tillegg er det er ein del prosjekt som føresett endeleg FT vedtak i dei respektive fylkestinga i 2019, samt nokre prosjekt der det per 13.mars ikkje er signert byggekontrakt enno. Desse er skilt ut i ein eigen tabell.

Oppsettet under viser dei prosjekta som er vedtekne av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune; delt i tabellar. Inndelinga er gjort i tråd med kulepunktene over. Investeringsprosjekt som vert avslutta i 2019 er ikkje teke med i oppsettet.

Påbegynte prosjekt

Sektor (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2019	2020	2021	2022	2023
Forvaltning/fellesfunksjonar	32 300	19 000	13 300	-	-	-
VA 003 Fylkeshuset - utviding av Firdasalen	12 000	9 000	3 000	-	-	-
Tilfluktsrom	20 300	10 000	10 300	-	-	-
Opplæring	789 850	388 150	271 000	96 600	30 700	3 400
NY227 Måløy vgs - rehab. av blokk B og C	69 650	50 650	19 000	-	-	-
NY229 Mo og Øyrane vgs - ridehall	25 500	21 500	4 000	-	-	-
NY237 Flora idrettssenter	71 000	60 000	11 000	-	-	-
Skulebruksplan - planmidlar	16 000	3 000	3 100	3 200	3 300	3 400
Åsane vgs	516 900	250 000	230 800	36 100	-	-
Langhaugen vgs	90 800	3 000	3 100	57 300	27 400	-
Tannhelse	-	-	-	-	-	-
Kultur	-	-	-	-	-	-

Fylkesveg eksl skredsikring	4	956 800	1	1	751 900	747 200
	923 000		269 400	197 700		
Fv. 698 Blaksetunnelen	232 500	81 900	81 900	68 700	-	-
Fv. 303 Seimdsdalstunnelen	277 700	10 200	136 000	121 300	10 200	-
Avviksfond tunnel	51 200	-	-	51 200	-	-
Førdepakken - fylkesvegprosjekt	850 400	59 000	140 500	248 900	201 000	201 000
Fv. 624 Husevågøy ferjekai	18 500	3 100	15 400	-	-	-
Fv. 611 Sæle - Engebø	120 100	-	51 200	68 900	-	-
Fv. 53 Holsbru	5 100	-	5 100	-	-	-
Fv. 615 Hyen-Storebru, mindre punkttiltak	10 300	3 100	7 200	-	-	-
Fv. 55 Utviding Fortun	10 200	8 700	1 500	-	-	-
Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskudd)	6 500	1 300	1 300	1 300	1 300	1 300
Fv. 614 Breivika - Svelgen (Bremanger)	45 100	16 400	23 600	5 100	-	-
Fv. 548 Brandsøy - Solheim (delprosjekt)	25 600	10 200	15 400	-	-	-
Hjellestadveien	43 300	35 000	8 300	-	-	-
Askøypakken	1 272 100	173 000	262 700	270 600	278 700	287 100
Bømlopakken	222 100	171 000	51 100	-	-	-
Nordhordlandspakken	1 222 300	270 000	352 300	249 400	172 700	177 900
Austevollbrua, ferjetilskot	44 600	10 400	10 900	11 400	11 900	
Horsøy, Askøy	126 600	5 000	22 700	47 800	25 200	25 900
Kollektivknutepunkt Odde	16 300	8 000	8 300	-	-	-
Refusjonar fylkesvegprosjekt	322 500	90 500	74 000	53 100	50 900	54 000
Skredsikring	1 026 800	213 700	336 300	327 700	149 100	-
Fv. 722 Flovegen	628 800	136 700	184 300	174 100	133 700	-
Fv. 53 Ljoteli	343 100	41 000	133 100	153 600	15 400	-
Furubergfossen bru - skredsikring	54 900	36 000	18 900			
Kollektiv	2 334 200	618 000	758 200	303 500	322 400	332 100
Ferjekontraktar - ladeinfrastruktur	750 700	316 000	434 700			
Programområde Miljøløftet	1 578 000	301 000	322 400	302 400	321 300	330 900
Bussanlegg Askøy	5 500	1 000	1 100	1 100	1 100	1 200
Bybane	6 839 684	1 778 784	2 008 400	1 941 300	578 400	532 800
Bybanen i Bergen - Vognmateriell	402 484	44 784	55 500	139 800	80 000	82 400
Bybanen - Byggjesteg 4	6 168 800	1 734 000	1 952 900	1 780 200	476 500	225 200
Bybanen - Byggjesteg 5	268 400	-	-	21 300	21 900	225 200
Sum	15 945 834	3 974 434	4 656 600	3 866 800	1 832 500	1 615 500

Ikkje påbegynte prosjekt

Sektor (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2019	2020	2021	2022	2023
Forvaltning/fellesfunksjonar	0	0	0	0	0	0
Opplæring	2 039 161	83 200	183 361	508 800	701 000	562 800

NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1361	0	1 361	0	0	0
NY239 MØY vgs - internat mm.	71 000	4 000	20 000	31 000	16 000	0
<u>Nye prosjekt - ikkje fordelt pr. år.</u>						
<i>gjeld prosjekta: Dale vgs - verkstadbygg, Fylkeshuset, Firda vgs - fløy D Aulabygg, Årdal vgs - rehab, SJH rehab fjøs og verkstadbygg, Sogndal idrettshall/badebasseng, Eid vgs - nytt undervisningsareal</i>	178 000	6 000	27 000	68 000	77 000	0
Askøy vgs	498 500	29 000	82 400	212 200	174 900	-
Stord vgs	240 900	15000	30 900	96 600	98 400	0
Bømlo vgs	44 800	1000	11 400	18 100	14 300	0
Laksevåg vgs	368 200	10000	10 300	63 700	284 200	0
Slåtthaug vgs	27 300	0	0	5 400	21 900	0
Sotra vgs	28 100	0	0	13 800	14 300	0
Hjeltnes Produksjonsskule	18 200	18200	0	0	0	0
Skulebygg 2023	562 800					562 800
Tannhelse	0	0	0	0	0	0
	0					
Kultur	87 500	0	20 000	37 500	30 000	0
KU002 Fellesmagasin for musea	87 500	0	20 000	37 500	30 000	0
Fylkesveg ekskl skredsikring	1 610 200	27 100	100 300	228 100	596 700	658 000
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	707 600	0	15 400	153 600	269 300	269 300
Atløysambandet	710 500	0	0	50 000	300 000	360 500
Fv. 57 Dale-Storehaug	61 400	5 100	56 300	0	0	0
Brutiltak - ufordelt	5 900	0	5 900	0	0	0
Øystese - Ålvik - Granvin	53 300	10 000	10 300	10 700	11 000	11 300
Rebudsjettering og avslutning	71 500	12 000	12 400	13 800	16 400	16 900
Skredsikring	442 400	0	0	102 400	170 000	170 000
Fv. 55 Bru over Esefjorden	442 400	0	0	102 400	170 000	170 000
Kollektiv	0	0	0	0	0	0
Bybane	0	0	0	0	0	0
Sum	4 179 261	110 300	303 661	876 800	1 497 700	1 390 800

Prosjekt med føresett endeleg FT vedtak i 2019 og vedtekne prosjekt som ikkje har signert byggekontrakt per 13.mars

Utover prosjekta over som anten er påbegynt eller ikkje- påbegynt er det investeringsprosjekt der det er føresett endeleg vedtak i dei respektive fylkestinga i løpet av 2019, eller prosjekt der byggekontrakt ikkje er signert per 13. mars. Desse prosjekta er lista opp i tabellen under.

Prosjekt (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2019	2020	2021	2022	2023
Prosjekt	2 894 000	170 600	740 900	909 200	893 300	180 000
Fylkeshuset Bergen – ombygging/opprustning*	948 000	48 000	200 000	350 000	350 000	-
NY121 Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg**	59 600	9 600	20 000	20 000	10 000	-

NY234 Førde vgs./campus Førde***	695 000	15 000	140 000	180 000	180 000	180 000
NY235 Sogndal vgs avd. og Vitensenter***	138 000	40 000	70 000	28 000	-	-
OF100 Nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs**	125 000	37 500	87 500	-	-	-
NY238 Måløy vgs - blokk A og D**	64 500	9 500	30 000	25 000	-	-
KU003 Gulatinget****	73 500	4 000	50 000	19 500	-	-
Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru**	790 400	7 000	143 400	286 700	353 300	-
Sum	2 894 000	170 600	740 900	909 200	893 300	180 000

*Uviss organisering av eigarskap – avheng av FT vedtak i løpet av 2019

**Forventning om kontraktinngåing byggefase i løpet av 2019

***Avtalebaserte, endeleg kostnadsoverslag vert fastsett i FT i april 2019

****Avtalebasert, men foresett statleg løyving hausten 2019 (Statsbudsjettet 2020)

Prosjektlear gjer merksam på at investeringa i nytt fylkeshus i Bergen er teke inn i investeringsplanen, og er såleis eit nytt prosjekt i det samla talgrunnlaget. Det er ikkje tidligare teke med grunna uviss organisering av eigarskap. Dette vil truleg verta nærare avklart i løpet av 2019, og dette vil igjen påverke korleis prosjektet vert finansiert.

Nivået på påbegynte prosjekt er på samla 15,9 mrd. kr i perioden 2019-23 og nivået på ikkje påbegynte prosjekt er i same periode på samla 4,2 mrd. kr. Prosjekta der ein planlegg å gjera endeleg vedtak i 2019 om byggestart eller der ein ikkje har signert byggekontrakt per 13.mars beløper seg totalt til 2,9 mrd. Kr.

Vidare har prosjektlear funne det føremålstenleg å skilje ut ein type investeringar i ein eigen tabell, desse vert ofte omtala som sekkepostløyvingar. Døme på dette er midlar til mindre oppgraderingar på eksisterande bygningsmasse på dei vidaregåande skulane. I tillegg ligg det nokre større ufordelte pottar til fylkesveggar. Den største potten er knytt til opprusting og fornying av fylkesvegane på om lag 1,8 mrd. kr i perioden 2019-23.

Sekkepostløyvingane inneheld fleire mindre investeringsprosjekt, der dei fleste ikkje er spesifiserte enno. Dei er også av ein slik karakter at dei er nært knytta til nivået på vedlikehald/oppgraderingar i dei årlege driftsbudsjetta. Reduksjonar i nivået på desse pottane vil i mange tilfelle føre til større forfall og truleg også føre til at vedlikehaldsbehov på eksisterande bygningsmasse, veg og utstyr vert større på litt lenger sikt. Prosjektlear meiner at det er mogleg å vurdere den totale storleiken på desse postane, men at det er føremålstenleg å oppretthalde eit visst nivå på sekkepostløyvingane i eit lenger perspektiv. Nivået på sekkepostløyvingane i åra 2019-23 er vist i tabellen nedanfor.

Sekkepostløyvingar

Sektor (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2019	2020	2021	2022	2023
Forvaltning/fellesfunksjonar	187 400	35 600	36 600	37 500	38 400	39 300
EK001 Eigenkapitalinnskot KLP	13 000	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600
EI-bilar	10 800	2 000	2 100	2 200	2 200	2 300
IKT-utstyr	20 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
IT – Fellessystem	143 600	27 000	27 900	28 700	29 600	30 400
Opplæring	762 300	149 400	151 600	153 900	156 200	151 200
Ombygging/rehabilitering/Sikring/Brann	101 000	21 000	20 000	20 000	20 000	20 000
OR100 Tiltak gåande og syklende-ufordelt	39 000	10 500	10 500	9 500	8 500	
IU200 Utstyr	32 500	6 500	6 500	6 500	6 500	6 500
PC002 PC-ordninga	32 000	6 400	6 400	6 400	6 400	6 400
Større undervisningsutstyr og IT-investeringar	159 400	30 000	30 900	31 900	32 800	33 800
Rehabilitering/ombygg/mindre tilbygg	398 400	75 000	77 300	79 600	82 000	84 500
Tannhelse	129 100	37 000	19 500	20 100	25 900	26 600
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	23 000	7 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Utstyr tannhelsetenesta	26 800	5 000	5 200	5 400	5 500	5 700
Tannklinikkar	79 300	25 000	10 300	10 700	16 400	16 900

Kultur	16 000	3 000	3 100	3 200	3 300	3 400
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	16 000	3 000	3 100	3 200	3 300	3 400
	0					
Fylkesveg eksl skredsikring	2 182 800	401 500	399 400	449 000	460 000	472 900
Planlegging og prosjektering	35 900	8 200	7 200	6 100	7 200	7 200
Tiltak for framkome og tryggleik	47 700	0	1 500	15 400	15 400	15 400
Trafikktryggingstiltak	66 500	13 300	13 300	13 300	13 300	13 300
Opprusting og fornying	1 797 500	320 000	329 600	371 400	382 500	394 000
Kollektiv	117 600	30 000	23 900	21 400	20 800	21 500
Terminalbygg/sjåførfasilitetar	42 700	8 000	8 300	8 500	8 800	9 100
Billetteringssystem	6 200	3 000	2 100	1 100	0	0
Bus as a service (BaaS)	19 000	6 000	3 100	3 200	3 300	3 400
Automatisk passasjerteljing	6 100	4 000	2 100	0	0	0
Trafikantinformasjon	16 000	3 000	3 100	3 200	3 300	3 400
Samarbeid om mobilbillett	10 800	2 000	2 100	2 200	2 200	2 300
API'ar og datavarehus	11 800	3 000	2 100	2 200	2 200	2 300
Kollektivtrafikktiltak	5 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Skredsikring	1 152 500	65 800	124 000	196 700	348 500	417 500
Prosjektering mindre tiltak	2 500	500	500	500	500	500
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt	114 200	0	20 500	20 500	7 200	66 000
Andre skredsikringsprosjekt	1 035 800	65 300	103 000	175 700	340 800	351 000
Sum	4 531 700	719 300	755 000	878 600	1 049 800	1 129 000

Samla ligg det om lag 4,5 mrd. kr i sekkepostløyvingar i perioden 2019-23.

Prioritering av investeringar på kort sikt (2020)

Prosjektleiar vil peike på følgjande strategiar for å oppnå målsetnaden om å redusere låneopptak og lette på kapitalutgiftene på kort sikt:

- Tidsforskyving av investeringsløyvingar
- Reduksjon i nivået på sekkepostløyvingar.

Prosjektleiar vil gjere ei nærare vurdering av dei investeringsprosjekta som har løyving i 2020, men som det er mogleg å skyve ut i tid. Dette vert vurdert i eit forsøk på å betre den salderingsbalansen vi førebels har for 2020. Ein slik gjennomgang vil det vere mest hensiktsmessig å gjere når vi veit meir om den samla økonomien for Vestland fylkeskommune, dvs. etter framlegging av kommuneproposisjonen i mai.

Reduksjon i nivået på sekkepostløyvingar er eit kortsiktig tiltak som kan gi mindre innsparingar i kapitalutgiftene på kort sikt. Prosjektleiar vil understreke at for store reduksjonar i nivået på desse løyvingane ikkje er tilrådeleg, då det er stor fare for eit auka forfall/etterslep på eksisterande bygg, veg og utstyr over tid. Prosjektleiar legg opp til å gjere ein heilskapleg gjennomgang av nivået på sekkepostløyvingane for å vurdere om det er mogleg å redusere nivået noko på kort sikt.

Prioritering av investeringar på lenger sikt (2021-23)

Prosjektleiar vil i denne omgang vise til dei prosjekta som ligg under ikkje påbegynte prosjekt, som er mogleg å forskyve ut i tid. Det vert gjort ei nøyare vurdering av desse prosjekta i neste arbeidsdokument. Prosjektleiar legg førebels opp til at dei prosjekta som har lægst prioritering i dei vedtekne planverka, som til dømes dei regionale transportplanane, er dei prosjekta som det naturleg å vurdere tidsforskyving på først. Samstundes må vi sjå dette i samheng med korleis dei er finansiert, då målet med tidsforskyvinga er å bremse gjeldsauken. Prosjektleiar ser føre seg at fellesnemnda arbeider med desse problemstillingane fram mot det nye fylkestinget er på plass. Prosjektleiar meiner det er viktig å ha på plass gode vurderingar og prioriteringar for dei prosjekta som ligg med forventa oppstart i åra 2021-23, og som er mogleg å skyve ut i tid. Gitt dagens utfordringsbilde for Vestland fylkeskommune meiner prosjektleiar at vi er nøyde til å gjere desse vurderingane som eit grepa for å skape ein meir berekraftig økonomi.

Finansieringsplanen knytt til investeringane

Tabellane viser investeringar i perioden på heile 27,5 mrd. kr. Den samla finansieringsplanen til Vestland fylkeskommune syner at låneopptak ligg på eit høgt nivå. Overslag tyder på at lånegjelda vil auke frå 13 mrd. kr i 2018 til over 16,5 mrd. kr mot slutten av økonomiplanperioden utifå dei

samla vedtekne investeringsprogramma. Men det er også viktig å opplyse om at fleire av investeringsprosjekta er finansiert med andre kjelder enn låneopptak, som t.d. bompengar og statlege tilskot (skredsikring, bybanen). Ei detaljert oppstilling av korleis investeringsprosjekta er finansiert vil prosjektleiar kome attende til i neste arbeidsdokument.

Sjølv om ein tek omsyn til investeringar som er eksternt finansierte, vil prosjektleiar peike på at det framleis er store investeringar som i stor grad vert finansierte med lån. Auka lånegjeld med tilhøyrande auke i kapitalutgifter må dekkast inn i driftsbudsjettet. Dette er med på å forklarar noko av den store ubalansen som vi ser i pkt. 5 nedanfor.

I ei vurdering av tidsforskyving meiner prosjektleiar at det er relevant å konsentrere seg om dei prosjekta som ikkje er påbegynt, og som i tillegg har ein vesentleg grad av lånefinansiering. Det er desse prosjekta som gir utslag på lånegjelda og tilhøyrande kapitalutgifter. Sett i høve ei alt høg lånegjeld for Vestland fylkeskommune, er nivået på låneopptaket i perioden utfordrande. Prosjektleiar legg opp til ein nærare gjennomgang av føresetnadane for finansieringsprogrammet i neste arbeidsdokument. Målet med gjennomgangen er å synleggjere kva investeringsprosjekt vi vil hente ut økonomiske gevinstar ved å tidsforskyve. Ei tidsforskyving av eit skredsikringsprosjekt som er fullfinansiert med statlege midlar og mva. kompensasjon vil t.d. ikkje gi nokon effekt på det årlege nivået på låneopptak og tilhøyrande kapitalutgifter.

Tilråding

Fellesnemnda tek orienteringa om investeringsprogrammet i økonomiplanen 2020-23 til vitande.

Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av kva prosjekt som kan tidsforskyvast på kort sikt, for å redusere kapitalutgiftene i 2020.

Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av det samla nivået på sekkepostløyvingane.

Prosjektleiar får i oppgåve å gjere nærare greie for finansieringsplanen knytt til ikkje påbegynte prosjekt.

5 REVERSERING AV SLUTTSALDERING

I arbeidsdokument 1/19 vart det gitt eit samla oversyn over budsjett-/økonomiplanrammene for Vestland fylkeskommune. Vidare vart det etablert ei førebels økonomisk ramme for 2023. Prosjektleiar opplyste vidare at dei samanslegne økonomiplanane er saldert med bruk av fond og ufordelte/uspesifiserte innsparingskrav.

Det er no naturleg å ta inn att sluttsalderingane i gjeldande økonomiplanar samt synleggjere den økonomiske utfordringa av den tekniske rulleringa for 2023. Dette vert gjort for å vurdere dette i lys av ev. nye rammeføresetnader.

	2020	2021	2022	2023
Utg.pkt: Balansert økonomiplan	0,0	0,0	0,0	
Vurdering i a.dok 1:				
Rullering av økonomiplan SFFK, jf. a-dok 1/19				147,2
Rullering av økonomiplan HFK, jf. a-dok 1/19				350,0
Vurderingar i arbeidsdokument 2:				
Reversering av sluttsaldering av økonomiplan 2020-2022, SFFK	46,6	68,3	114,8	
Reversering av sluttsaldering av økonomiplan 2020-2022, HFK	346,0	375,0	390,0	
Ubalanse etter a.dok 2	392,6	443,3	504,8	497,2

I gjeldande økonomiplan for Hordaland fylkeskommune er det lagt opp til effektiviseringstiltak på til saman 135 mill. kr der 85 mill. kr er foreslått fordelt på dei ulike sektorane og tenesteområda. Det er vidare forslag om å nytte 50 mill. kr av fondsmidlar i 2020 slik at det i økonomiplanen er lagt opp til å dekke 185 mill. kr av salderingsutfordringa. Tilsvarande er det i gjeldande

økonomiplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune lagt opp til å saldere budsjettet med fondsmidlar tilsvarande 46,6 mill. kr i 2020. Dette vert no reversert.

Størsteparten av ubalansen kjem som følgje av dei nye ferjekontraktane i Hordaland som tek til å gjelde samstundes med oppstarten av Vestland fylkeskommune. Seinare i prosessen må finansutvalet foreslå tiltak for få eit saldert budsjettopplegg for 2020. Samla er det i gjeldande økonomiplanar forslag om tiltak for over 230 mill. kr, men som det går fram av tabellen ovanfor er langt frå heile salderingsutfordringa løyst med dette.

Tilråding

Sluttsalderinga av økonomiplan 2020-2022 vert reversert og teken inn som ei økonomisk utfordring i arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

6 NESTE MØTE I FELLESNEMNDA SOM FINANSUTVAL

Neste møte i Fellesnemnda som finansutval er sett til 23. mai. Til dette møtet vil ein ha regjeringa sitt forslag til kommuneproposisjon å halde seg til. Ein får då oversyn over verknadene av inntektssystemet og kva dei nye oppgåvene fylkeskommunane skal overta frå 2020 vil medføre økonomisk. I første rekkje er det stor spenning knytt til overføringa av sams vegadministrasjon, men også andre oppgåver kan gje utslag økonomisk om ikkje staten kompenserer fullt ut.

Vidare vil prosjektleiar kome attende til val av løyvingnivå samt dei politiske bestillingane frå handsaminga av arbeidsdokument 2/19.

Arkivnr: 2018/15997-13

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal, fylkesrådmannen, Hordaland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	19/19	13.03.2019

Inntak i Vidaregåande opplæring**Samandrag**

Fellesnemnda har mynde til å vedta det som skal til for at samanslåinga av dei to fylkeskommunane kan gjennomførast. Prosjektlear tilrår at dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021, og at fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

For å gjennomføre felles inntak frå skuleåret 2021/2022 må ny inntaks- og formidlingsforskrift vedtakast i nytt fylkesting seinast i mars/april 2020. Prosjektlear vil derfor legge fram sak om høyring av ny inntaks- og formidlingsforskrift, inkludert inntaksområde, for nytt fylkesting i oktober 2019. Høyringsprosessen må starte seinast ved utgangen av oktober 2019 for å sikre brei involvering, forsvarleg sakshandsaming og å kunne overhalde dei fristar lova set.

Prosjektlear tilrår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.
2. Det vert sett i gong ein prosess mot felles inntak frå skuleåret 2021/2022 som skissert i saksframlegget

Rune Haugsdal
prosjektlearBjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrif*Nye Vestland fylkeskommune
NVLFK.postmottak@vlfk.no
www.vlfk.no
Org.nr. NO 821 311 632 mva.

Prosjektleiar, 05.03.2019

1.0 Bakgrunn for saka

Fellesnemnda gjorde 19.12.18, sak PS 56/2018, følgende vedtak knytt til inntaksområde i Vestland fylkeskommune:

1. *Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbodsstruktur og inntak.*
2. *Prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019*

Fellesnemnda har mynde til å vedta det som skal til for at samanslåinga av dei to fylkeskommunane kan gjennomførast. Prosjektleiar tilrår at dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021, og at fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

2.0 Prosjektleiar si vurdering

Inntaks- og formidlingsforskrifta, inklusive inndelinga i inntaksområde, som fellesnemnda vedtek vil gjelde for berre eit år. Prosjektleiar vurderer det slik at dersom fellesnemnda no vedtek endra inntaksområde vil det vere vesentleg risiko for at ein i løpet av tre skuleår kan få tre ulike inntaksordningar. Dette vil vere uheldig og lite føreseieleg for søkarane/elevane.

For å sikre at saka er godt opplyst og at interessentar har høve til å uttale seg, krev forvaltningslova omfattande høyringsprosessar. Etter prosjektleiar si vurdering vil sjølv mindre endringar i inntaksområde og inntaksordningane utløyse kravet om brei involvering og høyringsprosessar.

På bakgrunn av dette er det prosjektleiar si oppfølging av vedtakspunkt 2 i PS 56/2018 at noverande inntaksområde og inntaksordningane i høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir vidareført for skuleåret 2020/2021. Dagens ordningar for kvar ungdommar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland kan søke vert òg vidareført. Hordaland fylkeskommune sin avtale med Rogaland fylkeskommune om gjesteelevordning for elevar i grenseområda vert òg vidareført. Tilsvarande gjeld òg dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer avtale om gjesteelevordning for søkarar frå Hornindal og Vanylven. Dette medfører at det vert felles inntak i Vestland fylkeskommune først frå skuleåret 2021/2022. Likevel meiner prosjektleiar at det frå skuleåret 2020/2021 må opnast opp for at fylkesdekkande tilbod vert søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune.

Slik tilboda er vedtekne for inneverande skuleår ville dei fylkesdekkande tilboda vere:

Utdanningsprogram	Programområde vg2	Programområde vg3
Design og handverk	Blomsterdekoratør Design og tekstil	design og handverk Interiør Kjole- og draktsyarfag
Elektrofag		Maritim elektrisk
Helse- og oppvekstfag	Hudpleie	Hudpleie Apotekteknikar Tannhelsesekretær
Naturbruk	Anleggsgartner og idrettsanleggsgfag Tilbod med fordjuping i dyrefag, friluftsliv og hestefag	
Restaurant- og matfag	Matfag	
Service og samferdsel	Ikt-servicefag	
Teknikk og industriell produksjon	Brønnteknikk	Anleggsmaskinmekanikarfaget Landbruksmekanikarfaget

Andre tilbod som kan vurderast som fylkesdekkande:

- International Baccalaureate (IB)
- Elektrofag og helse og oppvekstfag med studiekompetanse
- 4-årig ysk (TAF):bygg- og anleggsteknikk, restaurant- og matfag, og elektrofag
- Tilbod i utlandet i regi av dei vidaregåande skulane: seks ulike tilbod om kompetansegejevande Vg2 tilbod i utlandet.
- Toppidrettstilbod –gjennom Olympiatoppen Vest-Norge: Tertnes vidaregåande skule, Voss gymnas og Åsane vidaregåande skole
- Tilbod om spissa idrettstilbod i fotball ved Sogndal vidaregåande skule og volleyball ved Hafstad vidaregåande skule-

Kva som vert søkbare fylkesdekkande tilbod skuleåret 2020/2021 vert endeleg avgjort i tilbodsstruktursaka i desember 2019

Etter forvaltningslova kap. 4, §37, 4. ledd, pkt. c er det høve til å fråvike kravet om høyringar dersom «den må anses åpenbart unødvendig». Etter prosjektleiar si vurdering vil det å opne opp for at fylkesdekkande tilbod vert søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune ikkje utløyse krav om høyring. For ei slik justering meiner prosjektleiar det vil vere uforsvarleg ressursbruk å gjennomføre ein høyringsprosess. Dersom ein skulle ha gjort endringar som utløyste kravet om høyring, måtte denne ha vore gjennomført slik at sak om nye inntaksområde kunne handsamast i fellesnemnda i mars 2019 for at det praktisk skulle vore mogeleg å gjennomføre inntaket til skuleåret 20/21 etter ny forskrift. Sett i samanheng med dei uheldige konsekvensane større endringar fleire år på rad vil ha for søkarane/elevane, har ikkje prosjektleiar vurdert dette som ei mogeleg løysing.

Vestland fylkeskommune må etter forskrift til opplæringslova ha ei inntaks- og formidlingsforskrift. Prosjektleiar rår til at dei eksisterande forskriftene i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune vert vidareført uendra i ny forskrift for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020/2021, med justering for at fylkesdekkande tilbod vert søkbare for søkarar/elevane i heile Vestland fylkeskommune.

2.1 Konsekvensar av å vidareføre dagens inntaksområde og inntaksordningar for skuleåret 2020/2021

- Ein må utsette alle omfattande endringar i inntaksordningane med eitt år. Dette gjeld mellom anna tidleg inntak/særskiltinntak, spørsmålet om fortrinn til vg2/vg3 på studieførebuande utdanningsprogram, vaksenopplæring og tilbod for minoritetsspråklege
- Ein må gjere ei ny vurdering av dei tekniske løysingane i systemet for inntak til vidaregåande opplæring (VIGO). Uansett vil ein reelt ikkje gjennomføre eit felles inntak før skuleåret 2021/2022 med unntak for dei fylkesdekkande tilboda.
- Ein må vurdere om ein òg bør utsette felles budsjettmodell/ressursfordelingsmodell for skulane eitt år.

2.2 Vidare prosess

For å praktisk å kunne legge til rette for å gjennomføre felles inntak frå skuleåret 2021/2022 må ny inntaks- og formidlingsforskrift vedtakast i nytt fylkesting seinast i mars/april 2020. Prosjektlear vil derfor legge fram sak om høyring av ny inntaks- og formidlingsforskrift, inkludert inntaksområde, for nytt fylkesting i oktober 2019. Høyringsprosessen må starte seinast ved utgangen av oktober 2019 for å sikre brei involvering, forsvarleg sakshandsaming og å kunne overhalde dei fristar lova set.

Arkivnr: 2018/15997-12

Saksbehandlar: Ingeborg Fredheim, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	20/19	13.03.2019

Ny budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane - vidare prosess**Prosjektleiar tilrår fellesnemnda å gjere følgjande vedtak:**

1. Dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareførde for 2020.
2. Prinsippa for ny budsjettmodell, gjeldande frå 2021, vert lagt fram for fylkestinget som ein del av økonomiplansaka i desember 2019.

Rune Haugsdal
prosjektleiar*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Prosjektleiar, 12.02.2019

1.0 Bakgrunn for saka

Fellesnemnda handsama 19.12.18, sak PS 55/2018 Prinsipp for ny budsjettmodell i dei vidaregåande skulane – DP 1.4. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

«Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal grupper per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. *Prosjektleiar skal:*
 - a) *utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal klassar/grupper per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal grupper.*
 - b) *vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune*
2. *Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.»*

I saka vart det lagt til grunn at denne vedkom samanslåingsprosessen og måtte takast stilling til på dåverande tidspunkt for å kunne halde naudsynt framdrift med utvikling av budsjettmodell for dei vidaregåande skulane.

I samanslåingsarbeidet er det tidlegare lagt til grunn at det vil vere naturleg å ta i bruk ny felles budsjettmodell for dei vidaregåande skulane frå same tidspunkt som det er felles inntak for Vestland fylkeskommune. I sak til fellesnemnda i mars 2019 rår prosjektleiar til at dagens inntaksordningar og inntaksområde vert vidareført for skuleåret 2020/2021. Dette inneber at første skuleår med felles inntak for Vestland fylkeskommune er skuleåret 2021/2022.

2.0 Prosjektleiar si vurdering og tilråding

Fellesnemnda er eit organ som skal samordne og ta seg av førebuing til samanslåing som er naudsynte for å opprette ny fylkeskommune.

Etter prosjektleiar si vurdering grip prinsippa for ny budsjettmodell sterkt inn i den vanlege drifta til fylkeskommunen og vil få verknad etter 2020. Døme kan vere krav til oppfyljing i grupper/klassar og kva som skal vere minimum breidde i fag som skal tilbydast på studiespesialisering, noko som vil ha konsekvensar for tilbod på skulane og framtidig skulestruktur.

Det er det nye fylkestinget som gjer endeleg budsjettvedtak for 2020. Dersom ny budsjettmodell skal gjelde frå skuleåret 2020/2021 er det difor fellesnemnda våren 2019 som må vedta prinsippa som skal ligge til grunn.

For å leggje til rette for effektiv ressursbruk i samanslåingsarbeidet og samordne tidspunkt for iverksetting av felles inntak og felles budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane, rår prosjektleiar til at dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareført for 2020. Prosjektleiar vil, som ein del av økonomiplansaka i desember 2019, legge fram prinsippa for ny budsjettmodell gjeldande frå 2021 for det nye fylkestinget. I det vidare arbeidet må det vurderast om ny budsjettmodell skal iverksettast frå 01.01.2021 eller frå 01.08.2021.

Arkivnr: 2018/16486-29

Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane

Saksframlegg

Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fellesnemnda	21/19	13.03.2019

Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2019**Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Fellesnemnda konstaterer at:

- a) Vedtekne «Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- b) Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i nye Vestland fylkeskommune. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

Vedlegg:

1. Hordaland fylkeskommune - Budsjett 2019/økonomiplan 2020-2023.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune - Budsjett 2019/økonomiplan 2020-2023.
3. KS si oversikt over nøkkeltal for gjeld, netto driftsresultat og disposisjonsfond for fylkeskommunane 2017.

Rune Haugsdal
prosjektleiar*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Prosjektleiar, 01.03.2019

1.0 Bakgrunn for saka

I inndelingslova § 26 heiter det:

«Fellesnemnda skal ta hand om det førebauande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.»

Dette er andre året det vert laga ei slik fråsegn til departementet. I fjor hadde saka både eit internt og eit eksternt føremål. Då var det, i tillegg til å støtte departementet sitt behov for innsyn, vesentleg å sikre at partane fekk tilstrekkeleg innsikt i den økonomiske situasjonen til kvarandre og fekk høve til å kome med innspel på planlagde disposisjonar som medførte unødvendig auka belastning på den framtidige fellesøkonomien. I år vert det interne behovet for innsyn i stor grad stetta gjennom den felles budsjettprosessen som no er starta opp – og der fellesnemnda som finansutval set i førarsete for gjennomføringa.

For ordens skuld gjer vi likevel merksam på at fellesnemnda kan krevje statleg «lovlegheitskontroll» av eitt eller begge budsjettvedtaka, i tråd med kommunelova § 60, om denne saka skulle gje grunnlag for det.

2.0 Oppbygging av saksframstillinga

Saksframlegget følgjer same struktur som i fjor, med vekt på følgjande hovudpunkt:

- Kort historisk oppsummering av den økonomiske situasjonen i dei to fylka
- Budsjettert utvikling i sentrale nøkkeltal
- Økonomiske utfordringar

2.1 Kort historisk oppsummering av økonomisk situasjonen i dei to fylka

KS har også i år gjort ei vurdering av fylkeskommunane sitt økonomiske handlingsrom. Vurderinga tek utgangspunkt i rekneskapstal for 2017. Nøkkeltala gjeldsgrad, tilgjengelege disposisjonsfond og netto driftsresultat var her indikatorar.

Ei nærare konkretisering av nøkkeltala og utrekningane går fram av vedlegg 3 (KS si oversikt over nøkkeltala gjeld, netto driftsresultat og disposisjonsfond for fylkeskommunane 2017). KS oppsummerte sine funn i følgjande tabell:

	Samlet vurdering av øk. handlefrihet	Gjeld			Disp.fond			Netto driftsres.		
		under 60 pst	60-90 pst	over 90 pst	10 pst el mer	5-10 pst	under 5 pst	5 pst el mer	3-5 pst	under 3 pst
Østfold	God	1			1					2
Akershus	God	1			1					2
Hedmark	God	1			1			1		
Oppland	Moderat	1			1					3
Buskerud	Moderat		2			2				3
Vestfold	Moderat		2		1					3
Telemark	Moderat		2		1					2
Aust-Agder	Moderat		2		1					2
Vest-Agder	God	1				2		1		
Rogaland	Moderat			3	1					2
Hordaland	Begrenset			3			3			3
Sogn og Fjordane	God	1			1			1		
Møre og Romsdal	Moderat		2			2				3
Sør-Trøndelag	Moderat			3	1					2
Nord-Trøndelag	Moderat		2			2				3
Nordland	God	1			1					2
Troms	Moderat	1				2				2
Finnmark	Begrenset		2				3			3

Tabellen viser same bilde som i fjor, at Hordaland og Sogn og Fjordane ligg i kvar sin ende av KS sin skala. I følgje desse indikatorane vert Hordaland sin handlefridom vurdert som «begrenset», medan Sogn og Fjordane sin er «god». Dette bakteppet er det rimeleg å ta omsyn til ved vurdering av disposisjonane som er gjort i dei to budsjett/økonomiplanvedtaka som er tema i denne saka.

2.2 Budsjettert utvikling i sentrale nøkkeltal

Denne gjennomgangen tek utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune (HFK) sitt oppsett for oppsummering i sentrale budsjettstorleikar og nøkkeltal ved inngangen (2019) og utgangen (2022) av planperioden, samanlikna med tilsvarende tal for Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFJ). Absolutte tal i mill.kr.

SFJ		NØKKELTAL	HFK	
2019	2022		2019	2022
-1,5%	-4,5%	Netto driftsresultat	0%	-0,3%
2 363	2 257	Frie inntekter	6 637	6 632
2 453	2 284	Netto driftsutgifter	5 785	5 528
887	1 864	Årlege investeringar	4 285	2 544
188	1 108	Lånefinansiering	1 233	1 019
2 445	4 171	Totalgjeld	11 337	11 385
79,2%	125,6%	Gjeldsgrad	114%	115%
59	111	Renteutgifter	242	315
87	112	Avdragsutgifter	621	736
6,2%	9,9%	Kapitalutgifter i % av frie inntekter	13%	15,8%

2.2.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det mest sentrale nøkkeltalet i kommuneøkonomien, og viser kva som står att når alle drifts- og kapitalutgifter er dekket. Teknisk berekningsutval tilrår at dette nøkkeltalet over tid bør ligge på om lag 4% for fylkeskommunane. Historiske tal viser at Sogn og Fjordane og dels Hordaland har hatt gode netto driftsresultat over tid, og begge rekneskapane vart gjort opp med overskot for 2018. I tabellen over ser vi at SFJ sitt budsjetterte netto driftsresultat er negativt i planperioden, medan HFK ligg på rundt 0 %. Målt i netto driftsresultat har begge fylkeskommunane ein utfordrande økonomisk situasjon. Den reduserte handlefridomen kjem i første rekke av høge investeringsambisjonar, og gjennom dette auka kapitalutgifter, i begge planane.

2.2.2 Frie inntekter

SFJ har hatt ein større reduksjon i sine frie inntekter som følgje av nytt inntektssystem frå 2015. Med bakgrunn i dette viser tabellen ein nedgang i frie inntekter i planperioden. For HFK er det føresett om lag same nominelle inntektsramme for heile perioden.

2.2.3 Netto driftsutgifter

Begge fylkeskommunane budsjetterer med ein nedgang i netto driftsutgifter i planperioden. Dette har dels samanheng med at ein større del av tilgjengelege inntekter må nyttast til kapitalutgifter, samt at SFJ budsjetterer med ein mindre nedgang i frie inntekter. Dette betyr i praksis at nettorammane til tenesteyting vert redusert tilsvarande.

2.2.4 Årlege investeringar

Årlege investeringar er høvesvis store i begge økonomiplanane. Den høge lånegjelda medfører at dei årlege rente- og avdragsutgiftene vert ein stor belastning, noko som igjen påverkar handlingsrommet i driftsøkonomien. For å lette noko av presset på lånegjelda, vil det vere aktuelt å både vurdere tidsforskyvingar av investeringsprosjekt, og som siste alternativ vurdere om alle prosjekta som ligg i den samla økonomiplanen kan gjennomførast.

2.2.5 Lånefinansiering

Både SFJ og HFK har stor grad av ekstern finansiering av investeringane. SFJ nyttar mellom anna fondskapital som følgje av salet av Fjord1, medan HFK har eit vesentleg innslag av bompengefinansiering og tilskot til byveksttale for Bergen - Miljøløftet. I tillegg kjem tilskot til rassikring og mva-kompensasjon frå staten, eksterne tilskot og eventuelt driftsmidlar frå eige driftsbudsjett. Restfinansieringa skjer i form av låneopptak.

Utviklinga over tid kjem best til uttrykk i indikatorane totalgjeld og gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av driftsinntekter), og kapitalutgiftene er eit uttrykk for kor belastande denne gjelda er for den samla driftsøkonomien.

2.2.6 Totalgjeld - gjeldsgrad og kapitalutgifter

HFK budsjetterer med ei samla gjeld på om lag 11,8 mrd. kr ved utgangen av planperioden, tilsvarande for SFJ er 4,1 mrd.kr. Investeringa til nytt fylkeshus i Hordaland på brutto om lag 1 mrd kr er då ikkje lagt inn i tala.

Gjeldsgraden viser forholdet mellom den samla gjelda og driftsinntektene i fylkeskommunen. «Tommelfingerregelen» er at denne indikatoren ikkje bør overstige 60-70%. HFK har ei gjeldsgrad som ligg om lag stabilt på 115% i planperioden, medan SFJ si budsjetterte gjeldsgrad aukar frå 79% i 2019 til 126% i slutten av perioden. Dette er uttrykk for at HFK alt har etablert ei svært høg lånegjeld sett i høve til driftsinntektene, medan SFJ har ei moderat lånegjeld ved inngangen til planperioden, men ekspansive investeringsplanar.

Høg gjeldsgrad indikerer ein økonomisk balanse som er sårbar for endringar i rente- og inntektsnivå.

I gjeldande dokument budsjetterer SFJ med kapitalutgifter på 9,9% av dei årlege frie inntektene i 2021. Tilsvarende tal for HFK er 15,8%.

3.0 Økonomiske utfordringar

Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i seinare planperiodar. Gjennomgangen av dei økonomiske indikatorane i punkt 2 viser at det ligg fleire økonomiske utfordringar i dei gjeldande plandokumentane.

Dei største utfordringane kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Høgt investeringsnivå, med tilhøyrande auke låneopptak og kapitalutgifter
- Nye båt- og bussanbod/ferjekontraktar, med nye miljøkrav/-ønskje
- Vedlikehaldsetterslep på fylkesveg
- Gjennomføring av tunnelsikkerheitsforskrifta.

Desse utfordringane har Fellesnemnda med seg i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan som no har starta opp.

4.0 Prosjektlear si tilråding

Med bakgrunn i saksframstillinga vert fellesnemnda rådd til å gjere følgjande vedtak:

Fellesnemnda konstaterer at:

- a) Vedtekne «Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- b) Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i nye Vestland fylkeskommune. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

Vedtaket vert sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet som fellesnemnda si samla fråsegn om årsbudsjetta og økonomiplanen.

Arkivnr: 2015/1434-747

Saksbehandlar: Bertil Søfteland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	22/19	13.03.2019

Møteplan hausten 2019**Samandrag**

Det vert med dette lagt fram forslag til møteplan for hausten 2019 for fylkesting, fylkesutvalet, dei faste utvala og finansutvalet.

På den elektroniske møteplanen på nettsidene våre vil ein også ta med møtedatoene for desse organa etter kvart som dei vert vedtekne.

Prosjektleiar vil kome tilbake med forslag til møteplan for hausten 2019 for dei andre folkevalde organ til møte i fellesnemnda i mai 2019.

Prosjektleiar vil kome tilbake med forslag til møteplan for 2020 til møte i fellesnemnda i mai 2019.

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda vedtek møteplan for hausten 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering slik det går fram av side 3 i denne saka.
2. Dei oppsette møte for fellesnemnda, fellesnemnda sitt arbeidsutval og partsamansett utval frå og med 15. oktober 2018 vert avlyst då funksjonstida til fellesnemnda utløpar ved konstituering av nytt fylkesting for Vestland fylkeskommune.
3. Fellesnemnda rår Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vurdere og justere si eiga møteplan for hausten 2019 frå og med datoen då Vestland fylkesting blir konstituert.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleder, 04.03.2019

Etter dagens kommunelova § 32, er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. Etter ny kommunelov § 11-2 skal møter i folkevalde organ hvis ett av tre vilkår er oppfylt;

- Organet selv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- Organets leder mener det er nødvendig.
- Minst 1/3 av medlemmene krever det.

Fellesnemnda har etter inndelingslova § 26 i oppgåve å forestå det forberedande arbeidet med samanslåinga. Det nærare grunnlaget for kompetansen til fellesnemnda er regulert i Reglement for fellesnemnda. Prosjektleder syner også til RS 35/2018 om «*Reglement og kompetanse for fellesnemnda*». Då det av praktiske årsaker er naudsynt å få avklart møtedatoar for hausten 2019 no, mellom anna av omsyn til å få bestilt egne lokaler til tingsamling, samt å leggje til rette for ein politisk prosess fram mot vedtak av budsjett for 2020, legg prosjektleder til grunn at fellesnemnda har kompetanse til å vedta møteplan for hausten 2019.

Valet til Vestland fylkesting er 9. september 2019. I møteplanen er det lagt opp til at fylkesvalstyret, som er personsamanfallande med Fellesnemnda, godtar valet i møte 18. september. Konstituerande fylkesting vert etter planen 15. og 16. oktober. På dette tingsete vil fylkestinget mellom anna velje fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiare og nestleiare samt medlemmer til dei folkevalde organ.

Finansutvalet vil etter forslag til møteplan ha sitt første møte 24. oktober for å føre vidare arbeidet med forslag til budsjett som skal endeleg vedtakast på fylkestinget som er foreslått til 17. og 18. desember.

Dei fire hovudutvala vil etter forslag til møteplan ha sitt første møte den 12. november. Prosjektleder vil etter modell frå Sogn og Fjordane tilrå at hovudutvala gjennom året har nokre møte på same dato og på same lokasjon.

Fylkesutvalet vil etter forslaget ha sitt første møte 6. desember.

Prosjektleder vil kome tilbake med forslag til møteplan for hausten 2019 for dei andre folkevalde organ til fellesnemnda sitt møte i mai 2019. Dette gjeld likevel ikkje møteplan for kontrollutvalet.

Prosjektleder vil kome tilbake med forslag til møteplan for 2020. Fellesnemnda vil her ha kompetanse til å gje innstilling til Vestland fylkesting.

POLITISK MØTEPLAN HAUSTEN 2019 – VESTLAND FYLKESKOMMUNE				
UTVAL	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
Fellesnemnd/Fylkesvalstyre	18.			
Fellesnemnda arbeidsutval	2.			
Partsamansett utval	2.			
Vestland fylkesting		15./16.		17./18.
Vestland fylkesutval				6.
Vestland finansutval		24.10	21.11	
Hovudutval for samferdsel og mobilitet			12.11	
Hovudutval for opplæring og kompetanse			12.11	
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon			12.11	
Hovudutval for kultur, idrett og integrering			12.11	
Vestland Valnemnd				17.

Saksbehandlar: Hogne Haktorson, Kontrollsjef, Vestland

Sak nr.: 2016/3311-31

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	23/19	13.03.2019

Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Innstilling

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tilset kontrollsjef.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet

Vedlegg:

- 1: Partsbrev – Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune – HFK 11.02.2019
- 2: Melding om vedtak - Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune – SFJ 11.02.2019

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet for Vestland fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 22/19 i møte 11.02.2019
- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 7/19 i møte 11.02.2019

Begge kontrollutvala har likelydande saksframlegg som var lagt fram av kontrollsjef i Vestland fylkeskommune. Dette låg til grunn for handsaming av saka, men kontrollutvala har vedteke forskjellige innstillingar til fellesnemnda.

Saksframlegg med saksprotokoll frå begge møta ligg ved.



Notat

Dato: 15.02.2019
Arkivsak: 2016/3311-30
Saksbehandlar: HOGHAKT

Til: Fellesnemnda

Frå: Hogne Haktorson

Innstilling - Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama sak PS 22/19 i møte 11.02.2019 der det vart vedteke slik innstilling til fellesnemnda:

1. *Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.*
2. *Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.*
3. *Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.*
4. *Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.*
5. *Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.*
6. *Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.*

Arkivnr: 2016/3311-29
 Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	22/19	11.02.2019

Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Fellesnemnda fatta samrøystes vedtak 22.06.18. i sak PS 23/18, Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune.

Samrøystes vedtak:

1. *Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.*
2. *Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.*
3. *Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.*
4. *Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.*

Denne saka har sitt utspring i pkt. 3 i vedtaket overfor:

Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.

Før arbeidet kunne starta måtte ny kontrollsjef tilsettast, jmf. pkt. 2 overfor. Det skjedde i Fellesnemna sitt møte 19.12.18. i sak PS 53/18, Tilsetting av kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.

Samrøystes vedtak

1. *Hogne Haktorson vert tilsett i stillinga som kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.*

2. *Kontrollsjefen får ansvar for det praktiske arbeidet i samband med etablering av sekretariat for kontrollutval for Vestland fylkeskommune. I dette ligg også hovedansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.*
3. *Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*
4. *Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval bestående av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår. Overgangen til ny stilling skjer etter avtale med kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane. Utvalet vert leia av kontrollutvalsleiar i Hordaland.*

Drøfting:

Fellesnemnda har i sak PS 23/18, vedtakspunkt 1, alt teke stilling til at:

Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.

Tema vidare i spørsmål om organisering og lokalisering kan då vera:

- Sekretariata i dag.
- Uavhengighet ift. administrasjonen.
- Arbeidsgjeverfunksjon og fullmakter
- Sal av tenester
- Lokalisering
- Innspel frå tillitsvalde

Sekretariata i dag.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har i dag 5 tilsette (4,8 årsverk) som for tida er sekretariat for 19 kontrollutval:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune
- Kontrollutvala til 17 av kommunane i Hordaland
- Kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellesråd

Sekretariat for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 1 tilsett (1 årsverk) som er sekretær for:

- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Uavhengighet ift. administrasjonen

Kontrollutvalssekretariata skal etter lovverket vera uavhengig ift. administrasjonen, og såleis ikkje underlagt fylkesrådmannen. Det har til no vore ivareteke ved at sekretariatet er direkte underlagt kontrollutvalet. Ein kan heller ikkje td. ha ½ stilling i sekretariatet og ½ stilling i fylkesadministrasjonen. Det ville i ytterste konsekvens innebera at du i halve jobben bl.a. skal kontrollera det arbeidet du gjer i andre halvparten av jobben din. Dette har ikkje vore ein reell problemstilling hjå oss, men det finst døme på problemstillinga.

Trass i uavhengigheten som skal ivaretakast, er det naturleg nok ikkje vassette skott. Det er framheva som viktig, bl.a. i Kontrollutvalsboka (veglear frå KMD) at kontrollutvalet og sekretariata har god kontakt med både kommune- / fylkesadministrasjon, politisk leiing og revisjonen. Dessutan vil sekretariatet, som fylkeskommunalt tilsette, gå etter dei same reglane som øvrig tilsette i fylkesadministrasjonen ift. personalreglement, arbeidstid, etiske retningslinjer mv. Skilnaden er at kontrollsjefen rapporterer til kontrollutvalet og tilsette i sekretariatet rapporterer til kontrollsjefen.

Arbeidsgjevarfunksjon og fullmakter.

Det var Fellesnemnda som tilsette kontrollsjefen. Tilsvarande bør det vera fylkestinget i Vestland fylkeskommune som har denne oppgåva etter fylkessamanslåinga.

Arbeidsgjevaransvaret bør elles vera klart definert, så slepp ein diskusjon i etterkant om det er rett instans som td. har fatta vedtak om løns- og arbeidsvilkår.

I HFK, der det er fleire tilsette, har denne vore utøvd i to trinn:

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har arbeidsgjevarfunksjonen overfor kontrollsjefen. Utvalet oppnemner to eller fleire medlemmar som forhandlar fram og godkjenner løns- og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.

Kontrollsjefen

Kontrollsjefen har arbeidsgjevarfunksjonen overfor øvrig tilsette i sekretariatet, som td. tilsetting, lønsfastsetting, innvilga permisjonar, og andre naturlege arbeidsgjevarfunksjonar som intern arbeidsfordeling i sekretariatet, herunder evt. å oppnemna stedfortredar eller anna funksjon innan sekretariatet.

Det vert tilrådd vidareføring av slik praksis, som og er i tråd med to vedtakspunkt i Fellesnemnda si sak PS 53/18:

Vedtaks punkt 4, 1. setning:

Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval bestående av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår.

Vedtaks punkt 3:

Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Kontrollsjefen tolkar vedtaks punkt 3 slik at tilsettingsmynde og inkluderer øvrige arbeidsgjevarfunksjonar, slik dei er skissert overfor.

Tidlegare var det fylkestinget i Hordaland som fatta vedtak om oppretting av nye stillingar i sekretariat for kontrollutvalet. Så fatta tinget vedtak i sak 95/07 om at tal tilsette kunne aukast når meirkostnaden vart dekkja gjennom tilsvarande auka inntekter for sal av sekretariatstenester.

Nye oppdrag.

Som oftast er det kort tid frå ein førespurnad om tenester, til sekretariatet må ta stilling til om ein kan påta seg eit nytt oppdrag. Tal tilsette vil vera ein del av ei slik vurdering. Då er det greitt at slik fullmakt og gjeld i den nye fylkeskommunen. Retningsgjevande då er at ein ikkje skal krysssubsidiere kommunane, men at det heller ikkje er lagt opp til at fylkeskommunen skal ha særleg økonomisk vinst på desse oppdraga.

Sal av tenester.

Det var eit bevisst val hjå Hordaland fylkeskommune i 2004 at kontrollutvalet sitt sekretariat skulle selja tenester til interesserte kommunar. Det hadde fleire grunnar:

- Sekretariatet kunne ha minst to tilsette i full stilling, og var såleis mindre sårbar ved sjukdom, vakans mv.
- Kunnskapsoverføring frå det ein tileigna seg i ein kommune, som og kunne anvendast i HFK eller i ein av dei andre kommunane.

Haldninga har vore at sekretariatet skulle vera positivt innstilt til ønskje frå kommunane i Hordaland som ønskte å få dekka sine sekretariatstenester for kontrollutvalet sitt frå fylkeskommunen sitt kontrollutvalssekretariat. Døme på korleis det har vore praktisert:

- Interesserte kommunar i Hordaland har fått eit tilbod frå fylkeskommunen som dei kunne vurdera.
- Me har og vore settesekretariat for kontrollutvalet i Bergen kommune i ½ år, då dei var i ein vanskeleg situasjon.
- Me har for ei stund tilbake hatt førespurnad frå ein kommune utanfor fylkesgrensa, men valde då, i samråd med kontrollutvalet, å ikkje gje tilbod.

I prinsippet har det og vore opning i Sogn og Fjordane for å tilby tenester overfor kommunane i fylket. Kontrollutvala til kommunane i Sogn regionråd var knytt til det fylkeskommunale sekretariatet frå 2005-2008. Frå og med 2009 har ingen kommunar vore knytt til det fylkeskommunale kontrollutvalssekretariatet.

Tilråding vidare, er tilsvarande at Vestland fylkeskommune gjev tilbod til:

- Interesserte kommunar i nye Vestland fylke
- Romsleg tilnærming til kommunar i grenseområde mot nabofylka.
- Interesserte kyrkjelege fellestråd i Vestland fylke, dersom dei har eige kontrollutval
- Vurderar andre henvendingar seriøst. Det kan td. gjelda:
 - Bistand ved konkurranseutsetting av revisjonstenester (sekretariatet har i dag størst erfaring av sekretariata i Noreg på det feltet)
 - Evt. førespurnad om deloppgåve for fagleg forum. (sekretariatet var fast sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn i 10 år, frå 2005 til 2015)
 - Settesekretariat, td. ved ugildskap. (det har vore førespurnad frå annan landsdel, men der me då ikkje hadde kapasitet til å påta oss eit arbeid)

I denne saka er det valt å ha fokus på kva hovudprinsipp som bør ligga til grunn vidare for evt. å utvida tal kontrollobjekt, framfor å gå nærare inn på konkrete henvendingar og samtalar som har vore siste åra.

Lokalisering.

Det vert funne føremålstenleg at sekretariat for kontrollutvalet har eit definert hovudkontor, og at det er opning for å ha avdelingskontor i tillegg. Då bør ein skua til nositasjonen:

- Kvar skal administrasjonssenter for Vestland fylkeskommune vera?
- Kvar er eksterne kundar?
- Kvar er personalet lokalisert?

I intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, pkt. 3.5 står at «Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.». Det er nærliggande at kontrollutvalet sitt sekretariat er lokalisert same stad.

Sekretariatet gjev i dag tenester til 19 kontrollutval, og alle dei 18 eksterne kundane er kommunar i Hordaland og eit kirkelig fellestråd i Bergen. Det er føremon at hovudkontoret ligg der dei fleste oppdraga er.

Sekretariatet i Bergen har i dag 5 tilsette (4,8 årsverk) medan sekretariatet i Sogn og Fjordane har ein tilsett med kontorstad Leikanger. Det er og føremon at hovudkontor er lokalisert der flest tilsette er.

På bakgrunn av desse momenta vert det tilrådd hovudkontor i Bergen og avdelingskontor for tida i Leikanger. Det er naturleg at avdelingskontoret er der det i dag er ein tilsett. Eit framtidig scenarie, kan vera at medarbeidaren i Leikanger sluttar om nokre år og at kommunar ein på den tida er sekretariat for ligg i Sunnfjord og Ytre Sogn. Då kan det vera aktuelt å alternativt vurdera Førde som stad for avdelingskontor.

Tillitsvalde.

Dei tillitsvalde har oppnemnt to personar i sin midte, som kontrollsjefen kunne konferera med i denne saka, ei frå YS-K, SFFK og ei frå LO-K, HFK.

Saka har vore informert og drøfta med tillitsvalde, utan at dei hadde spesielle merknader anna enn at me må sikra god kontakt med den i sekretariatet som har sekretariatskontor aleine.

Konklusjon:

Oppsummert så er det argumentert for slik organisering, arbeidsdeling og lokalisering:

Fylkestinget

- Vestland fylkesting er tilsettingsorgan for kontrollsjefen

Kontrollutvalet

- Kontrollutvalet innstiller ved tilsetting av kontrollsjef
- Kontrollutval har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen.
- Kontrollutvalet vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen, på fylkeskommune sine vegne

Kontrollsjefen

- Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvaret på fylkeskommunen sine vegne overfor andre tilsette i sekretariatet, som td. tilsetting (alt vedteke), lønsforhandlingar og intern organisering.
- Kontrollsjefen gjev tilbod til kommunar mv., i tråd med føringar i denne saka.
- Kontrollsjefen har fullmakt til å endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.

Eksterne oppdrag

- Positiv innstilling på å gje tilbod til interesserte kommunar i nye Vestland fylke
- Romsleg tilnærming til kommunar i grenseområde mot nabofylka.
- Interesserte kyrkjelege fellesråd, med eige kontrollutval, kan og be om tenester
- Andre henvendingar, med naturleg slektskap til sekretariatet sitt arbeidsfelt, vert vurdert seriøst.
- Generelt retningsgjevande at ein ikkje skal krysssubsidiere kommunane, men at det heller ikkje er lagt opp til at fylkeskommunen skal ha særleg økonomisk vinst på desse oppdraga.

Lokalisering.

- Sekretariat for kontrollutvalet har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor pt. i Leikanger.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har hovudkontor i Bergen, pt. med avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 11.02.2019

Handsaming i møtet

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune, Hogne Haktorson, orienterte om sak om organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvala. Orienteringa vart gjeve i felles videomøte mellom kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Etter denne orienteringa handsama kontrollutvala saka kvar for seg.

Kontrollutvalet ønskjer å endre Punkt 5 i vedtaket slik: Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.

Med denne endringa i punkt 5 vart slik innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Sakshandsamar:

Einar Ulla
E-post: einar.ulla@sfj.no
Tlf.: 57638051

Vår ref.

Sak nr.: 19/709-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.02.2019

Kontrollsjef Hogne Haktorson

Melding om vedtak KU-sak 7/19 Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Kontrollutvalet behandla i møte 11.02.2019 sak nr. 7/19 Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Behandling:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har hovudkontor i Bergen, pt. med avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet

Endringsframlegg frå Frank Willy Djuvik:

1. Pkt. 1 går ut. Nytt punkt. 1 Kontrollutvalet tilset kontrollsjef
2. Pkt. 5 går ut. Nytt punkt. 5 Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger

Avrøysting:

Innstillinga med endringsframlegga vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tilset kontrollsjef.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet

Med helsing

Einar Ulla
sekretariatsleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Hogne Haktorson

Kopi til:
Roald Breisten

Arkivnr: 2018/16486-25
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg

Saksgang

Komité for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020

Forslag til vedtak

Fellesnemnda gir arbeidsutvalet (FN-AU) fullmakt til å fastsette rammer og opplegg for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 22.02.2019

Som ny fylkeskommune trer Vestland fylkeskommune i kraft frå 1.1.2020. Det nye Vestland fylkesting vil likevel bli konstituert innan oktober 2019, og har vedtakskompetanse for saker med virkning frå 1.1.2020.

I første omgang vil det vere aktuelt å vurdere ei markering av den nye fylkeskommunen i samband med konstitueringa av det nye fylkestinget hausten 2019.

I tillegg vil det også vere aktuelt å planlegge aktivitetar og tiltak, innretta mot ulike målgrupper for å synleggjere den nye fylkeskommunen. Dette vil vere aktivitetar og tiltak for gjennomføring inneverande år med både politisk og administrativ deltaking, men som også kan vidareførast inn i 2020 etter at Vestland fylkeskommune er etablert.

For å sikre ei god og tilpassa gjennomføring av aktivitetatar og tiltak for markering av Vestland fylkeskommune, må dette planleggast og avklarast allereie no i samanslåingsprosessen.

Prosjektleiaren føresler at FN-AU på vegne av fellesnemnda (FN) får fullmakter til å avklare rammer og innretning for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020.

Prosjektleiar vil nedsette ei administrativ arbeidsgruppe, med ansvar for å foreslå eit opplegg med aktivitetar og tiltak for markering og synleggjering av den nye fylkeskommunen for ulike målgrupper i 2019 og 2020.

Under føresetnad av at FN-AU får fullmakt av fellesnemnda til å opptre som komité for markering av Vestland fylkeskommune, vil prosjektleiaren presentere og legge fram forslag til aktivitetar og tiltak for slik markering av den nye fylkeskommunen, for vedtak og avklaring i FN-AU.

Arkivnr: 2018/9153-5
Saksbehandlar: Marit Silje Husabø, Sogn og Fjordane
Saksbehandlar: Anita Fjellheim, Hordaland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda	25/19	13.03.2019

Fylkestingsvalet 2019 - røystesetlar til listestillarane**Samandrag**

Fellesnemnda skal syta for å trykkja røystesetlar til bruk for valstyra ved fylkestingsvalet, både til førehandsrøystinga og til valtinget. Dei som stiller lister kan krevja å få trykt så mange røystesetlar til eige bruk som dei ønskjer for eiga rekning. Dette er fastsett i valforskrifta.

Før stortingsvalet i 2005 var det i Hordaland vanleg at fylkeskommunen dekkja kostnadene med trykking og falsing av lister for listestillarane, utan at det var sett tak på talet som vart dekkja. Frå og med stortingsvalet i 2005 har fylkesutvalet for kvart val fatta vedtak om kor mange røystesetlar/lister fylkeskommunen dekkjer kostnadsfritt for partia.

Talet som har vore vedteke for dei ulike vala er slik:

Stortingsvalet 2005	75.000 lister pr. parti
Fylkestingsvalet 2007	100.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2009	100.000 lister pr. parti
Fylkestingsvalet 2011	75.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2013	75.000 lister pr. parti
Fylkestingsvalet 2015	75.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2017	75.000 lister pr. parti

I Sogn og Fjordane har praksis alltid vore at kostnad med trykking av stemmesetlar til eige bruk vert dekkja av partia.

Det vert her lagt fram sak til drøfting om praksis som har vore ved dei siste vala i fylka skal følgjast ved fylkestingsvalet i år. Og kva tal eventuelt som skal setjast på lister pr.parti.

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Bakgrunn for saka

Etter vallova § 7-1 nr. 1 skal fylkesvalstyret syta for å trykkja røystesetlar til fylkestingsvalet. Dette er røystesetlar til bruk for valstyra ved førehandsrøystinga og røystinga på valtinget. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil inngå rammeavtale på trykking av røystesetlar og Nye Vestland fylkeskommune vil nytte seg av den ordninga som departementet har vald. Innkjøp av scannerutstyr er gjort i samarbeid med Bergen kommune. Dette sidan kontrollteljinga vert gjort i Bergen kommune sine lokalar med det same scanningutstyret som Bergen kommune nyttar til si teljing.

Etter valforskrifta § 21 kan den tillitsvalde for den enkelte vallista for eiga rekning krevja å få det tal røystesetlar som vedkomande ønskjer. Krav om dette må setjast fram innan den fristen som valstyresmaktene set. Før stortingsvalet i 2005 var det i Hordaland vanleg at fylkeskommunen dekkja kostnadene med trykking og falsing av lister for listestillarane til vala utan at det var sett tak på talet som vart dekkja.

I Sogn og Fjordane har praksis alltid vore at kostnad med trykking av stemmesetlar til eige bruk vert dekkja av partia.

Ved Stortingsvalet 2013 bestilte fem parti til saman 18 000 stemmesetlar.

Ved fylkestingsvalet 2015 bestilte fire parti til saman 58 000 stemmesetlar.

Ved Stortingsvalet 2017 bestilte eitt parti 2000 stemmesetlar.

I Hordaland har fylkesutvalet frå og med stortingsvalet i 2005 fatta vedtak om kor mange røystesetlar/lister fylkeskommunen dekker for partia.

Fylkesutvalet sine vedtak om kostnadsfrie røystesetlar/lister til partia er slik:

Stortingsvalet 2005	75.000 lister pr. parti
Fylkestingsvalet 2007	100.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2009	100.000 lister pr. parti
Fylkestingsvalet 2011	75.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2013	75.000 lister pr. parti
Fylkestingsvalet 2015	75.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2017	75 000 lister pr. parti

Listestillarane hadde høve til å tinga kor mykje ein ønskte, men måtte betale for det som var over talet som fylkeskommunen hadde fastsett.

Tingingane frå listestillarane i Hordaland ved tidlegare val:

	Fylkestingsvalet 2011	Stortingsvalet 2013	Fylkestingsvalet 2015	Stortingsvalet 2017
Demokratene i Norge	5.000	25.000	6.000	50.000
Partiet De Kristne	-	75.000	75.000	75.000
Arbeiderpartiet	75.000	75.000	75.000	75.000
Feministisk Initiativ			15.000	5.000
Fremskrittspartiet	75.000	75.000	75.000	75.000
Høyre	40.000	75.000	75.000	75.000
Kristeleg Folkeparti	75.000	75.000	75.000	20.000
Kristent Samlingsparti	2.000	-	-	
Kystpartiet	0	75.000	15.000	20.000
Miljøpartiet dei Grøne	75.000	75.000	75.000	75.000

Noregs Kommunistiske Parti	10.000	20.000	-	
Pensjonistpartiet	5.000	5.000	500	
Piratpartiet	-	30.000	-	10.000
Rødt	50.000	20.000	15.000	30.000
Sosialistisk Venstreparti	20.000	5.000	25.000	30.000
Senterpartiet	75.000	50.000	75.000	5.000
Venstre	75.000	20.000	25.000	15.000
Liberalistene				75.000
Helsepartiet				10.000
Alliansen				25.000
Sum bestilling	612.000	775.000	626.500	670.000

Av dette ser ein at tingingane er blitt redusert ved dei siste vala, og at det vert tinga fleire røystesetlar til stortingsvala enn til fylkestingsvala.

Den totale mengda røystesetlar til fylkestingsvalet 2015 var i Hordaland 3 564 000 røystesetlar. Bestillinga til partia utgjer ca.20% av denne mengda.

Kostnadene i Hordaland for totalleveranse av lister til fylkestingsvalet 2015 var ca. kr. 1.012.000,- eks.mva, for trykking og falsing og distribusjon av lister til valstyra i kommunane, dei vidaregåande skulane og listestillarane. Ved fylkestingsvalet 2015 utgjorde kostnadane med stemmesetlar til listestillarane ca. kr. 178.000,- eks.mva. Denne summen inkluderer kostnader til distribusjon/frakt av setlane.

Den totale mengda røystesetlar til fylkestingsvalet 2015 var i Sogn og Fjordane 841.500 røystesetlar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil inngå rammeavtale med trykkeri for trykking og distribusjon av røystesetlar for valet 2019. Alle kommunar og fylkeskommunar som skal skanne røystesetlar vert anbefalt å gjere avrop på rammeavtala. Departementet vil kunngjere rammeavtala og avrop vil skje i løpet av april. Nye Vestland fylkeskommune vil følgje anbefalinga og gjere avrop på rammeavtala til departementet. Ein kan derfor ikkje seie noko spesifikt om kostnadar, men ein må anta at kostnadane vert lik førre val, med ein vanleg prisauke.

Når det gjeld skulevala finn prosjektleiar det pedagogisk riktig å nytta same røystesetlar som ved det ordinære valet, og vil leggja opp til å følgja den praksis som har vore. Det er her også tale om mindre kostnader.

Til skulevala vart det ved stortingsvalet 2017 tinga 35.000 røystesetlar i Hordaland og 16.500 i Sogn og Fjordane.

Saka vert lagt fram for fellesnemnda for drøfting av kva fylkeskommunen skal følgja av ordning ved fylkestingsvalet 2019.